



Pitesamisk språk på norsk side

Situasjonen no og tiltak for framtida



SÁMEDIGGI
SAMETINGET

Postboks 3
9735 Kárášjohka
Telefon +47 78 47 40 00
samediggi@samediggi.no
www.samediggi.no

Sámediggi 2021

Innhald

1	INNLEIING	7
1.1	Giellalokten	7
1.2	Hjertespråket.....	7
1.3	Denne utgreiinga	8
2	PITESAMISK OG LOVER OM SAMISK(E) SPRÅK I NOREG	9
2.1	ILO-konvensjonen, den norske grunnlova og den europeiske språkpakta.....	9
2.2	Norsk lovverk elles	10
2.2.1	Samelova	10
2.2.2	Barnehagelova	11
2.2.3	Opplæringslova.....	11
2.2.4	Stadnamnlova.....	12
2.2.5	Forskrift til Folkeregisterlova	13
2.3	Konklusjon.....	13
3	DET PITESAMISKE OMRÅDET	14
3.1	Grenseoverskridande kultur	15
3.2	Nyansering av omgrepet «pitesamisk område».....	15
3.3	Fornorskning og forsvensking	16
3.4	Arjepløg som pitesamisk hovudstad	16
3.5	Konkluderande merknader	18
4	PITESAMISK: SPRÅK ELLER DIALEKT?	19
4.1	Språkleg avstand	19
4.2	Normering av pitesamisk	20
4.3	Pitesamisk identitet.....	20
4.4	Politikk	22
4.5	Konkluderande merknader.....	23
5	DOKUMENTASJON AV PITESAMISK SPRÅK	24

5.1	Vitskapleg dokumentasjon	24
5.2	Tekstar og innspelingar på pitesamisk	25
5.3	Digitalt materiale.....	25
5.4	Konkluderande merknader	26
6	DAGENS SITUASJON FOR PITESAMISK SPRÅK	27
6.1	UNESCO sine ni faktorar	27
6.2	Situasjonen for pitesamisk på svensk side	27
6.2.1	Overføring av pitesamisk til neste generasjon	28
6.2.2	Kor sto del av pitesamane snakkar språket?	28
6.2.3	Gamle og nye domene for pitesamisk språk	29
6.2.4	Pitesamane si haldning til språket	30
6.2.5	Talet på talarar av pitesamisk.....	30
6.2.6	Andrespråkstalarar og andre medlemmar av språksamfunnet.....	31
6.3	Konkluderande merknader	32
7	PITESAMISK I SKULEVERK OG FORSKINGSINSTITUSJONAR.....	33
7.1	Barnehage, grunnskule, vidaregående skule	33
7.1.1	På norsk side av grensa	33
7.1.2	På svensk side av grensa.....	33
7.1.3	Pitesamisk utdanningsløp for lærarar	34
7.2	Pitesamisk ved universitet og høgskular	34
7.2.1	Universitetet i Tromsø/ Norges arktiske universitet	34
7.2.2	Sámi allaskuvla – Samisk høgskole	36
7.2.3	Nord universitet i Bodø	37
7.2.4	Árran Iulesamisk senter	37
7.2.5	Universitetet i Umeå.....	39
7.2.6	Universitetet i Uppsala	40
7.3	Konkluderande merknader	41
8	PITESAMISK I KOMMUNANE OG SAMETINGA	42
8.1	Kommunane	42
8.2	Sametinga.....	42
8.3	Konkluderande merknader	42
9	FRIVILLIG ARBEID FOR PITESAMISK PÅ NORSK SIDE.....	44

9.1	Organisasjonar.....	44
9.2	Facebook-grupper.....	45
9.3	Personleg innsats for pitesamisk på norsk side	46
9.4	Aukande merksemd kring pitesamisk språk.....	46
9.5	Konkluderande merknader	47
10	SYNSPUNKT OG ØNSKE FRÅ DET PITESAMISKE MILJØET	49
10.1	Innsamling av synspunkt til denne utgreiinga	49
10.1.1	Telefonintervju	49
10.1.2	Innspel frå facebookgruppe.....	49
10.1.3	Sametingsseminar i Luleå i november 2019	50
10.2	Generelt inntrykk frå intervju og e-postveksling.....	50
10.2.1	Norsk side	50
10.2.2	Svensk side	51
10.3	Konkrete forslag til tiltak frå det pitesamiske miljøet	52
10.3.1	Pitesamisk språkopplæring.....	52
10.3.2	Læremiddel på og i pitesamisk	52
10.3.3	Synleggjering	53
10.3.4	Nye pitesamiskspråklege domene.....	54
10.3.5	Institusjonelt arbeid	54
10.3.6	Strategiske forslag	55
10.3.7	Prioriterte forslag	55
10.4	Konkluderande merknader	56
11	KAN PITESAMISK REVITALISERAST PÅ NORSK SIDE?	57
11.1	Revitalisering som generell styrking av pitesamisk språk og kultur.....	57
11.2	Revitalisering som vending av det pitesamiske språkshiftet i familiene	58
11.3	Samanlikning med revitalisering andre sterkt truga språk	58
11.3.1	Teori og samanlikning.....	59
11.3.2	Språket mansk som døme	59
11.3.3	Enaresamisk som døme	62
11.4	Konkluderande merknader	62
12	SAMISKOPPLÆRINGA: STERKE OG SVAKE MODELLAR	64
12.1	Ulike vilkår for minoritetsspråk og majoritetsspråk.....	64

12.2	Kriterium for å bestemme ein modell.....	64
12.3	Baker si modelltenking brukt på pitesamisk	65
12.4	Ulike slags modellar.....	65
12.5	Fullstendig og delvis språkbadsmodell.....	66
12.6	Konkluderande merknader	66
13	FRAMLEGG TIL STRATEGI OG TILTAK FOR Å FREMJA PITESAMISK SPRÅK.....	67
13.1	Strategi	67
13.1.1	Lovendring og etablering av pitesamisk som fag.....	67
13.1.2	Val av opplæringsmodell	67
13.1.3	Etnisitet eller geografi som strategi?.....	68
13.1.4	Ein nordlandskommune inn i forvaltningsområdet for samisk språk.....	68
13.2	Tiltak	69
13.2.1	Endring av Samelova	69
13.2.2	Endring av lov om opplæring.....	69
13.2.3	Endring av forskrift til folkeregisterlova	69
13.2.4	Pitesamisk i den europeiske språkpakta.....	69
13.2.5	Rekruttering av nye vaksne talarar	69
13.2.6	Utdanning av lærarar i pitesamisk.....	70
13.2.7	Utvikling av fjernundervisning i pitesamisk	70
13.2.8	Utvikling av pitesamiske læremiddel på alle nivå.....	71
13.2.9	Utvikling av høvelege tospråklege opplæringsmodellar med pitesamisk	71
13.2.10	Synleggjering av pitesamisk.....	72
13.2.11	Etablering av stilling for pitesamisk språkarbeid	72
13.2.12	Samarbeid	72
13.2.13	Språkteknologi	72
13.2.14	Ansvar	72
14	KOSTNADER	73
15	LITTERATUR SOM DET ER VIST TIL.....	75

1 Innleiing

«Vårt storslagne formfullendte skjønne morsmål, vårt felles eie, vårt samiske språk. Hvor vi end måtte ferdes og hvilke fremmede språk vi enn måtte lære oss, skal vi forgjeves søke et skjønnere og bedre hjertespråk end vårt.»

(Daniel Mortenson 1911)

Alle språk er ein verdi i seg sjølv. Forutan å vera kommunikasjonsmiddel har språk verdi både som kulturberarar og som identitetsmerke. I sitatet frå 1911, som står ovanfor, la Daniel Mortenson vekt på desse eigenverdiane og kalla samisk «vårt felles eie» og «hjertespråk» med stor verdi for oss - utan omsyn til kva språk vi elles måtte ha lært oss.

Det synet som Mortenson formulerte, er også i dag grunngjeving for å arbeide for å styrke og løfte opp truga språk, slik som pitesamisk.

1.1 Giellalokten

I 2018 vedtok Sametinget i plenum eit strategidokument for arbeidet med dei samiske språka i Noreg, dokumentet vart kalla *Giellalokten* (Språkløftet). Sametinget vedtok då at pitesamisk språk skulle inkluderast i språkstyrkingsarbeidet, og det vart gjort vedtak om å laga ei eiga utgreiing om tilstand, ressursar, strategiar og tiltak for pitesamisk språk i Noreg. Dette har ikkje vore gjort før.

Sametinget presiserte i vedtaket at situasjonen for pitesamisk på norsk side av grensa skulle sjåast i samanheng med situasjonen for språket på svensk side slik at strategiar og tiltak kunne samordnast.

1.2 Hjertespråket

Bakgrunnen for vedtaket om å laga ei eiga utgreiing for pitesamisk finn vi i arbeidet med den offentlege utgreiinga *Hjertespråket* (NOU 2016-18). Etter initiativ frå Sametinget sette den norske regjeringa i 2014 ned eit utval som fekk namnet Samisk språkutval. Mandatet for utvalet var å arbeide ut framlegg til framtidig lovverk, ordningar og tiltak for samiske språk i Noreg.

I mandatet for Samisk språkutval stod «samiske språk» skrive i fleirtal, men mandatet presiserte samtidig at det berre var tale om dei *tre mest utbreidde* av dei seks samiske språka som er, eller har vore, brukte i Noreg. Dei tre mest utbreidde på norsk side av grensa er: nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk.

Framlegg til styrking av pitesamisk språk, låg difor ikkje i mandatet for Samisk språkutval.

Dette er bakgrunnen for at Sametinget gjennom Giellalokten vedtok å laga ei *eiga* utgreiing om pitesamisk i Noreg.

1.3 Denne utgreiinga

Den utgreiinga som ligg føre her, vil gå gjennom ulike sider ved den pitesamiske språksituasjonen i dag. På grunnlag av denne gjennomgangen vil utgreiinga presentere nokre forslag til tiltak som skal medverke til å styrke pitesamisk språk, særleg med tanke på å auke talet på talarar av språket.

Språkpolitiske tiltak for pitesamisk representerer noko prinsipielt nytt frå Sametinget si side, sidan det her er tale om eit språk som i dag ikkje lenger har talarar som er fødde og oppvaksne med språket på norsk side av grensa. Utgreiinga drøftar difor ein del grunnleggande spørsmål om språk og dialekt, eigne samiske område og samiske «delidentitetar», vesentleg for å synleggjera kva som her bør avgjerast på politisk nivå.

2 Pitesamisk og lover om samisk(e) språk i Noreg

Samiske språk har sterkt rettsvern i Noreg. Dei er verna både gjennom det nasjonale lovverket og gjennom internasjonale avtalar.

2.1 ILO-konvensjonen, den norske grunnlova og den europeiske språkpakta

Retten til å ta vare på og utvikle samisk er heimla i *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater*¹ som Noreg ratifiserte den 20. juni 1990. Her heiter det i artikkel 28:

«Det skal treffes tiltak for å bevare og fremme utvikling og bruk av de opprinnelige språk for vedkommende folk.»

Her står det at dei opphavlege språka ikkje berre skal bevarast, men at utviklinga og bruken av språka skal *fremmast*.

Samisk er òg verna etter den norske grunnlova. Her heiter det i paragraf 108:

«Dei statlege styresmaktene skal legge til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv».

Også her står det at språket skal *utviklast*, ikkje berre tryggast.

ILO-konvensjonen handlar om urfolks språk generelt, medan Grunnlova handlar om samisk spesielt. Grunnlova nemner «samisk språk» i eintal, og det blir difor opp til andre lover å bestemme kva innhald ein i praksis skal legge i uttrykket «samisk språk».

I 1993 ratifiserte Noreg den Europeiske språkpakta². Etter denne pakta forpliktar òg den norske staten seg på å verne samisk(e) språk. Regjeringa forklarer denne språkpakta slik på heimesidene sine (1.4. 2020):

«Minoritetsspråkpakten definerer regions- og minoritetsspråk som språk som tradisjonelt er brukt innenfor et bestemt territorium i en stat, av statsborgere som utgjør en historisk gruppe som er i mindretall i befolkningen [...] Minoritetsspråkpakten slår fast at vern om de historiske regions- eller minoritetsspråkene i Europa er med på å holde oppe og utvikle kulturell rikdom

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/samepolitikk/midtspalte/ilo-konvensjon-nr-169-om-urbefolknings-0/id451312/>

² <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/minoritetsspråk-pakta/id86936/>

og tradisjoner i Europa [...] Minoritetsspråkpakten har mer detaljerte og mer omfattende regler om språkrettigheter enn Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoriteter har.»³

Regjeringa seier vidare at Noreg har definert seks språk som norske region- eller minoritetsspråk, og at det er desse språka som er verna av Den europeiske språkpakta. Dei seks språka er: kvensk, romanes, romani, sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk.

Pitesamisk er ikkje med på regjeringa si liste over språk som er verna av Den europeiske språkpakta.

2.2 Norsk lovverk elles

Det som står om språk i ILO-konvensjonen, i den norske grunnlova og i Den europeiske språkpakta, er òg felt ned i det ordinære norske lovverket. Samisk har såleis vern etter Samelova, Barnehagelova, Opplæringslova og Stadnamnlova. I tillegg er samiske språk nemnde i forskriftene til Folkeregisterlova.

2.2.1 Samelova

Språkreglane i Samelova regulerer dei språklege rettane i Noreg ganske detaljert. Det er i stor grad denne lova som gjer at vi kan seia at samisk er offisielt språk i Noreg. Her skal det ikkje handle om alle sider ved denne offisielle statusen, berre nemnast at korkje Sameloven generelt eller språkreglane spesielt skil mellom dei forskjellige samiske språkgruppene. Inga gruppe er nemnd med namn i denne lova. Då lova i si tid var utforma, var det elles berre tale om at ho skulle gjelde i seks kommunar, og alle desse kommunane var i det nordsamiske språkområdet.

I 2014 laga Kommunal og moderniseringsdepartementet ein gjennomgang av språkreglane i Samelova.⁴ No gjaldt lova for eit større geografisk område og gjennomgangen frå 2014 «peker også på behovet for å definere hva som er samisk språk i sameloven», heiter det i rapporten.

I denne rapporten er pitesamisk men ikkje umesamisk nemnt. Om pitesamisk heiter det:

«Pitesamisk språkområde avgrenses på norsk side av Saltenfjorden i nord og Ranfjorden i sør, og omfatter Beiarn, Saltdal, Gildeskål, Meløy, Rødøy, deler av Bodø og deler av Fauske kommuner. Pitesamisk språk har vært brukt av pitesamene i Norge og Sverige. Ifølge Ethnologues språkkatalog var det i 2000 20 personer i Sverige som snakket språket, og ingen i Norge.»⁵

Vidare heiter det:

³ <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/minoritetssprakpakta/id86936/>

⁴ Kommunal og moderniseringsdepartementet: *Rapport fra gjennomgang av samelovens språkregler*. Oslo. Oktober 2014

⁵ Kommunal og moderniseringsdepartementet: *Rapport fra gjennomgang av samelovens språkregler*. Oslo. Oktober 2014

«På UNESCOs røde liste er skoltesamisk klassifisert som alvorlig truet, og utdødd i Norge. Pitesamisk er klassifisert som nesten utdødd, og utdødd i Norge. I østsamisk og pitesamisk miljø foregår det imidlertid arbeid for å revitalisere språkene. Østsamisk/skoltesamisk har et sterkere språklig miljø på finsk side av grensen. Når det gjelder pitesamisk, er det et meget begrenset antall språkbrukere også på svensk side.»⁶

Her er pitesamisk klassifisert som «utdødd i Norge». Etter ei lang drøfting konkluderer departementet:

«Departementet har på denne bakgrunn kommet til at samelovens språkkapittel bør inneholde en definisjon av hva som i loven menes med samisk og at denne bør omfatte så vel lulesamisk som nordsamisk, sør-samisk og østsamisk/skoltesamisk.»⁷

Det går fram av sitatet ovanfor at pitesamisk fell utanfor definisjonen.

2.2.2 Barnehagelova

I Barnehagelova er samisk språk nemnt to plassar, i paragraf 2 og i paragraf 8.

I paragraf 2 heiter det:

«Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.»

I paragraf 8 heiter det

«Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.»

I Barnehagelova står det ingen ting spesifikt om dei ulike samiske språka, difor står det heller ikkje noko om pitesamisk.

2.2.3 Opplæringslova

Opplæringslova gjev ei rekke språklege rettar til samiske barn som har samisk anten som fag eller som opplæringsspråk på skulen.

Lova definerer same (og dermed samisk barn) slik:

«same: person som kan skrivast inn i samemanntalet, jf. § 2-6 i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova), og barn av dei som kan skrivast inn.»

⁶ Kommunal og moderniseringsdepartementet: *Rapport fra gjennomgang av samelovens språkregler*. Oslo. Oktober 2014.

⁷ Sst.

Samisk distrikt blir definert slik:

«samisk distrikt: 1) det samiske forvaltningsområdet etter § 3-1 i samelova, 2) andre kommunar eller delar av kommunar etter forskrifter gitt av Kongen i statsråd etter at Sametinget og dei kommunane og fylkeskommunane spørsmålet gjeld, har fått uttale seg»

Samisk språk blir definert slik:

«samisk: nordsamisk, sørsamisk eller lulesamisk»

Definisjonane i den norske opplæringslova av omgrepene «samisk distrikt» og «samisk språk» utelukkar i dag rett til opplæring i eller på pitesamisk. Det er ikkje forbode å få slik opplæring, men det er heller ingen rett.

2.2.4 Stadnamnlova

Stadnamnlova regulerer både bruk av stadnamn i offentleg samanheng og skrivemåten av namna. Denne lova har så langt vore ein viktig reiskap til å få gjort samiske stadnamn synlege, særleg på vegskilt og kart.

Når det gjeld skriftleg form av samiske stadnamn, gjeld denne regelen i dag:

«For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk.»

Det heiter vidare i forskriftene til lova:

«Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland til Tysfjord kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med Tysfjord kommune og sørover til Meløy kommune. Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda, kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer.»

Og vidare:

«Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det. Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal det eldste namnet brukast av det offentlege. I særlege tilfelle kan det gjerast unntak frå denne regelen. I avveginga av ulike omsyn skal ein legge vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor dei ulike samiske språkområda.»

Etter forskrifta til Stadnamnlova er det i offentleg samanheng i dag ikkje høve til å bruke pitesamiske namn med pitesamisk rettskriving i offentleg samanheng.

Sametinget er i 2020 i kontakt med departementet for å få endra forskrifta på dette punktet, slik at pitesamisk skal kunna brukast på vegskilt og kart

2.2.5 Forskrift til Folkeregisterlova

Etter ønske frå Sametinget og forslag frå Samisk språkutval er det no høve til å la seg registrere med språk i det norske fokeregisteret.

Samisk språk er i denne samanhengen (i forskriftene til lova) definert som nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk.

Det går ikkje an å krysse av for pitesamisk i folkeregisteret.

2.3 Konklusjon

Av gjennomgangen i dette kapittelet ser vi at pitesamisk ikkje er nemnt eksplisitt nokon stad der norsk lovverk omhandlar samiske språk. Språket er heller ikkje nemnt i internasjonale avtalar. Ein del lover forklart kva som er meint med samiske språk, og då fell pitesamisk alltid utanfor definisjonen.

Av departementet si eiga vurdering av språkreglane i samelova, går det dessutan fram at dei ser på pitesamisk som eit utdøydd språk i Noreg.

3 Det pitesamiske området

Men indenfor Gildeskål åpnes en fjord
om Beieren kalles, hvis egner og jord
de bofaste finner betreder.
Bufinnen er også i næringen skilt
fra lappen som jo lever bare av vilt,
et folk som er vant til å trelle.
Men sproget som tales av finnenes slekt,
Det er en besynderlig, sær dialekt,
Forskjellig fra bumannens tale.

(Petter Dass om Beiarn, ca 1680)

Petter Dass skildra på 1600-talet samane i det som ein no gjerne kallar det pitesamiske området på norsk side av grensa. Sjølve nemninga pitesamisk har sitt opphav i Pite lappmark på svensk side.

«Det pitesamiske området» i Sverige blir i dag gjerne forklart som Arjeplog kommune og den nordvestlige delen av Arvidsjaur kommune som grensar mot Arjeplog. Saman med Malå kommune utgjer dette det geografiske området som i Sverige blir kalla Pite lappmark. Malå blir likevel språkleg og kulturelt rekna som umesamisk, ikkje som pitesamisk.



Figur 1. På eit kart som Arktisk råd har fått laga over arktiske urfolksspråk, er det pitesamiske området avmerkt som eit eige språkområde

3.1 Grenseoverskridande kultur

Deler av reindrifta i Pite lappmark har vore grenseoverskridande med beite både på det som i dag er norsk side og det som er svensk side.

Her finst frå gammalt av både ei meir stasjonær skog-reindrift og ei fjellreindrift med beite over svært store område. Fjellreindrifta har då hatt sommarbeita sine i Salten på norsk side av grensa, og vinterbeita i Pite lappmark på svensk side.

Gjennom tidene har familiar frå denne grenseoverskridande reindrifta slått seg ned som fastbuande i beitelandet sitt på både på svensk og norsk side av grensa. Som bufaste heldt dei lenge fram med å snakke samisk og med å rekne seg sjølve som samar. Dette er bakgrunnen for at pitesamisk språk og kultur i dag kan knytast både til reindriftssamar og til fastbuande på både norsk og svensk side av Sápmi.

Det pitesamiske området på norsk side er stort, og det blir i dag dekt av kommunane Beiarn, Saltdal, Gildeskål, Meløy, Rødøy og delar av Bodø og Fauske og av nordre del av Rana. Alle desse kommunane ligg i Nordland fylke. I denne utgreiinga vil det nemnde geografiske området bli kalla «pitesamisk område på norsk side», medan «pitesamisk område» blir brukt om heile området på begge sidene av grensa.

Bygder og grender med tradisjonell pitesamisk busetting på norsk side kan òg bli kalla «markebygder»

Ingen av kommunane i det pitesamiske området på norsk side av grensa er med i Forvaltningsområdet for samisk språk. På svensk side derimot er både Arvidsjaur og Arjeplog kommunar med i ei liknande forvaltningsområde.

3.2 Nyansering av omgrepet «pitesamisk område»

Historikarar har i seinare år nyansert biletet av busettinga i dei pitesamiske markebygdene. Det gjeld mellom andre historikaren Alan Hutchinson som i ein artikkel i 2015 la fram eiga forsking i tillegg til at han summerte opp anna nyare forsking om emnet.⁸

Ved å gå gjennom skattelister, kyrkjebøker og nyare forskningsarbeid viser Hutchinson at busetnaden i pitesamiske markebygder på norsk side er samansett og har røter i fleire ulike samiske samfunn, i ulike næringstilpassingar og i ulike samiske slekter. Mellom anna skriv han at det i dette området òg vart drive reindrift som hadde både sommar- og vinterbeite på norsk side. Det har her ikkje berre vore tale om grenseoverskridande reindrift.

I det diktet av Petter Dass som er sitert innleiingsvis i dette kapittelet, nemner diktaren både «finnar» og «lapper», og hos Dass er det «lappene» som driv med rein – anten dei hadde tilknyting til Pite lappmark eller ikkje, og dei samisktalande «finnene» som bur fast.

Det kan heller ikkje seiast for sikkert at dei som kom frå den grenseoverskridande reindrifta og busette seg på norsk side, slo seg ned akkurat i det området der dei sjølve tidlegare hadde sommarbeite. Men uansett, pitesamanane busette seg her i eit kystlandskap som dei kjende, eit landskap som hadde vore i samisk bruk så lenge vi veit om. Det var i dette tilfellet tale om ei flytting *innan* Sápmi.

⁸ Hutchinson, Alan (2015) “Markebosettingene i pitesamisk område, Sør-Salten – alder og oppkomst.” I Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red) 2015: *Från kust til kyst – Áhpegátttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana Akademisk. S. 51 – 82.

3.3 Fornorsking og forsvensking

Folk i det pitesamiske området på norsk side av grensa vart språkleg fornorska for eit par generasjonar sidan, og ein kjenner ikkje til nokon nolevande person som er fødd og oppvaksen i desse bygdene og som har hatt pitesamisk som heimespråk i barndommen. Men det finst ein folkesetnad på norsk side som gjennom slekt og kulturell tilknyting *identifiserer* seg med pitesamisk språk og kulturtradisjon. Det er ukjent kor mange dei er.

Risten Birje Steinfjell har i ein artikkel frå 2015 skildra konkret korleis språkskiftet frå samisk til norsk kunne gå føre seg i ein familie i Misvær. I akkurat denne familien var det tale om eit skifte frå nordsamisk til norsk, men pitesamane i dette distriktet skifta òg heimespråk til norsk, og det kan ha gått føre seg på same måten. Steinfjell skildrar det i stor grad som eit pragmatisk språkskifte, eit språkskiftet som ikkje førte til etnisk identitetsskifte.⁹

Ser vi heile det pitesamiske området under eitt, finst det på svensk side ein del pitesamisktalande personar som har lært språket på tradisjonelt vis i familien. Dei står i ein ubroten pitesamisk språktradisjon og har ein kunnskap som det har stor verdi å føre vidare. Dette tilhøvet blir behandla meir inngående seinare i utgreiinga.

3.4 Arjepløg som pitesamisk hovudstad

Det finst ingen offisiell statistikk med opplysningar om tal på samar som er busette i det pitesamiske området. Difor blir det lett berre gjetting om ein skal føresiå eit slikt tal. Ein kan kanskje likevel bruke valmanntala for sametinga i Noreg og Sverige som grunnlag for å seia noko om den prosentvise *fordelinga* av personar med samisk identitet innanfor det geografisk definerte pitesamiske området – sjølv om ein ikkje kan seia noko sikkert om det absolutte talet.

For å få ein peikepinn på den geografiske fordelinga av samar i det pitesamiske området, kan ein, med mange etterhald, bruke tal for innskrivne personar i dei to valmanntala (i Noreg og Sverige). Dette er tal som finst tilgjengelege fordelt ned på kommunenivå.

⁹ Steinfjell, Risten Birje (2015): «Stormofolket i Misvær – samisk språk og kultur gjennom generasjoner.» I Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red): *Från kust til kyst – Áhpegátttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana Akademisk s. 121 – 141.

Tabell 1

Innmelde i Sametinga sine valmanntal i det pitesamiske området 2020¹⁰

Kommune	Personar innskrivne i Sametinga sine valmanntal	Innbyggjarar i alt
Rødøy	2	1213
Fauske	75	9739
Saltdal	32	2216
Beiarn	19	1017
Gildeskål	11	1950
Meløy	11	6288
Bodø	268	51588
Arjeplog	258	3116
Arvidsjaur	262	4507
I alt	938	81634

Tala i dei to kolonnane «Personar innskrivne i sametingets valmanntal» til venstre og «Innbyggjarar i alt» til høgre kan ikkje utan vidare samanliknast.

For det første er det slik at alle personar i kolonnen til venstre òg er omfatta av tala i kolonnen til høgre. For det andre omfattar kolonnen til venstre berre innbyggjarar over 18 år (folk med røysterett), medan kolonnen til høgre omfattar alle aldersgruppene i kommunen

Dessutan er det frivillig om ein vil stå i Sametinga sine valmanntal, og ein må sjølv gjera noko aktivt for å komma med i manntala, medan alle som bur i eit område, må vera registrerte i folkeregisteret. Dette betyr i praksis at det er fleire som etter det objektive kriteriet *kunne* ha stått i valmanntalet, enn det er som faktisk gjer det.

Trass i alle desse etterhalda for at ein ikkje kan bruke tala i tabell 1 til å sjå kor mange samar som bur i området, kan tabellen kanskje likevel seia noko om korleis samane prosentvis *fordeler* seg innanfor det pitesamiske området. Bodø ser ut til å vera den kommunen i det pitesamiske området på norsk side som har flest samiske innbyggjarar rekna i absolutte tal. Men prosentvis utgjer dei registrerte samane likevel ei lita gruppe av bodoværingane, 0,5 prosent dersom vi legg tala i tabellen til grunn. (268 av 51588).

Som nummer to i absolutte tal på statistikken kjem Arvidsjaur med 262 innbyggjarar over 18 år som har registrert i valmanntalet, og rett etter Arvidsjaur kjem Arjeplog med 258 registrerte samiske innbyggjarar.

I Arjeplog utgjer dei manntalsinnmelde samane prosentvis ei langt større gruppe enn det dei gjer i Bodø. 8,3 % av det totale folketalet i Arjeplog har skrive seg inn i valmanntalet. Prosenten i Arjeplog er høgre enn i Arvidsjaur òg (5,8 % i Arvidsjaur).

Vi kan seia at Arjeplog er den mest samiske av dei ni aktuelle kommunane, dersom vi legg vekt på prosent registrerte samar av det totale innbyggartalet.

¹⁰ Tal for manntalsinnmelde på norsk side gjeld året 2019, og tala er henta frå sametinget si heimeside <https://www.sametinget.no/Valg/Valgmanntall/Sametingets-valgmanntall-2019>. Tala for manntalsinnmelde på svensk side gjeld 2017 og er henta frå artikkelen «Väljartätt i Arjeplog inför seametingvalet», offentleggjort på nettstaden Norran. <https://norran.se/nyheter/väljartatt-i-arjeplog-infor-seametingvalet>.

Det grunn til å tru at den samiske folkegruppa i Bodø er meir samansett enn i Arjeplog. Det høge talet på samar i Bodø er mellom anna eit resultat av urbanisering og tilflytting frå ulike bygder i distriktet rundt byen. Sannsynlegvis er det ein mindre del av samane i Bodø som reknar seg som pitesamar, enn det tilfellet er i Arjeplog. På grunn av tilflytting vil det i Bodø finnast eit sterkt innslag av lulesamar og nordsamar blant dei registrerte, men det finst ingen offisielle tal som kan stadfeste eller avkrefte dette.

Heller ikkje i Arjeplog reknar alle samar seg som pitesamar. Vi veit at ein større eller mindre del av dei som er registrerte i sametingsmannatalet i Arjeplog, er etterkommarar av nordsamiske reindriftsutøvarar som vart tvangsflytta hit av svenske styresmakter på 1920-talet. Desse opphavleg tvangsflytta slektene har enno i dag ein identitet som nordsamar, og i den grad dei har halde på samisk språk, bukar dei nordsamisk.

Med alle dei nemnde etterhalda, verkar det likevel rimeleg ut frå tala i Tabell 1 å sjå på Arjeplog kommune som det pitesamiske kjerneområdet. Dette kan vera eit poeng når ein skal planlegge arbeidet for språket framover. Eit kulturelt sentrum, eller eit kjerneområde, er alltid bra å ha.

3.5 Konkluderande merknader

Det pitesamiske kulurområdet er historisk sett eit samanhengande geografisk område som omfattar det meste av Pite lappmark på svensk side av grensa og store delar av Salten på norsk side. Den samiske historia på norsk side av dette området er likevel ikkje ei eksklusiv pitesamisk historie, også andre samiske grupper har halde til her. Dette rokkar ikkje ved forståinga av området som eit tradisjonelt pitesamiske kultur- og språkområde, fordi det uansett var *her* reindriftssamar med vinterbeite i Pite lappmark hadde sommarbeita sine. Og det var *her* nokon av dei slo seg ned som fastbuande, og det er *her* dei har mange av sine etterkommarar i dag.

Urbaniseringa har gjort at pitesamar i dag òg bur i større byar, som til dømes Bodø. Den sterke tilknytinga til reindrifta og til Pite lappmark heldt seg gjennom slekts- og vennskapstilhøve lenge etter at tidlegare reindriftsfamiliar vart bufaste på norsk side, og medvitet om desse tilhøva lever i området også i dag.

Desse sterke banda mellom Pite lappmark på svensk side og markebygdene på norsk side må ha vore ein viktig faktor for å halde oppe samisk identitet blant folk i området. I det pitesamiske området sett under eitt, kan vi med ein viss rett seia at Arjeplog i dag utgjer kjerneområdet for språket og kulturen.

4 Pitesamisk: språk eller dialekt?

«Herre, velsign du også mitt lille folk og hjelp det til å bruke sitt klangfulle språk til din æres pris.»
(Edvard Masoni, pitesame, frå Rana i brev frå Kina 1898)

Noreg har sluttar seg til internasjonale konvensjonar og språkpakter som gjev innfødde språk lovvern. Dette lovvernet gjeld språk, ikkje dialektar. Difor er det viktig om pitesamisk blir definert som eit eige språk eller om det blir definert som ein dialekt av eit anna samisk språk.

Det finst ikkje nokon autorisert definisjon på kva som er språk og kva som er dialekt, men fire kriterium blir gjerne brukte i ulike samanhengar: (1) den språklege avstanden mellom variantane (2) normert skriftspråk, eller ikkje (3) språkbrukarane sin etniske og språklege identitet og (4) politiske tilhøve.

Det er nødvendig å drøfte desse fire kriteria i pitesamisk samanheng

4.1 Språkleg avstand

Det er ei populær oppfatning at skilnaden på språk og dialekt er at talarar av ulike språk ikkje kan forstå kvarandre, medan dialektar derimot er innbyrdes forståelege. I praksis er dette likevel ikkje så enkelt - heller ikkje i samisk samanheng.

Dei samiske språka har i historisk tid vorte snakka i eit samanhengande område frå Kolahalvøya i Nordvest-Russland til Femundsjøen i Sør-Noreg. Sjølv om ein samisktalande frå femundstraktene ikkje kan forstå ein samisktalande frå Kolahalvøya, har språkovergangane mellom desse to geografiske ytterpunktene i stor grad vore glidande. Dei glidande overgangane gjer det vanskeleg å setja ei grense for når skilnadene blir så store at det ikkje lenger kan vera tale om dialektar. Det er her rom for skjønn.

Talarar av samiske nabodialektar/ språk kan i dei fleste tilfelle forstå kvarandre. Til dømes kan talarar av pitesamisk lett forstå lulesamisk, og den som kan lulesamisk, forstår lett pitesamisk. Ut frå kriteriet om språkavstand kunne ein difor kalle pitesamisk ein dialekt av lulesamisk, eller lulesamisk ein dialekt av pitesamisk.

Ann-Charlotte Sjaggo samanliknar i ei bok frå 2016 grammatikken i lulesamisk og pitesamisk. Den systematiske samanlikninga som Sjaggo her gjer, viser store likskapar og nokre klåre skilnader mellom dei to språka.¹¹

Kor store er ulikskapane som Sjaggo peikar på? Slikt kan vanskeleg målast, det blir heile tida spørsmål om kva side ved språket som ein legg vekt på. Her kan nemnast at Harald Grundström i 1954 gav ut ei stor lulesamisk ordbok, meint til vitskapleg bruk.¹² I denne ordboka er ikkje pitesamiske variantar tekne med. Grundström kan ha funne lulesamisk og pitesamisk for ulike til å ta begge med i ei og same ordbok, og han handsama ikkje her pitesamisk som ein dialekt av lulesamisk.

¹¹ Sjaggo, Ann-Charlotte (2016[2015]). *Pitesamisk grammatik: en jämförande studie med lulesamiska*. Tromsø: Universitetet i Tromsø, Senter for samiske studier.

¹² Grundström, Harald (1954): *Lulelapsk ordbok (Lulelappisches Wörterbuch)*. Waverly Press, Baltimore

Dei pitesamiske variantane av språket vart heller ikkje inkluderte i normeringa av lulesamisk skriftspråk i 1983. Og i boka *Saami Languages. An Introduction* frå 1998, behandler Pekka Sammallahti pitesamisk som eit eige språk.¹³

Trass i små språklege skilnader, har lingvistane som oftast handsama pitesamisk og lulesamisk kvar for seg, som to ulike språk.

4.2 Normering av pitesamisk

Talespråk som blir rekna som eigne språk, har gjerne eit normert skriftspråk, medan dialektar sjeldan har nokta skriftleg norm.

Språknemnda i Sametinget i Sverige gjorde i februar 2014 samrøystes vedtak om å godkjenne ei eiga rettskriving som då var ferdig utarbeidd for umesamisk. Leiaren av språknemnda, Josefina Lundgren Sterk, uttala til Sveriges radio etter vedtaket: «I och med att vi godkänner ortografin, godkänner vi umesamiskan som ett samiskt språk»¹⁴.

Leiaren av den samiske språknemnda la avgjerande vekt på om umesamisk var normert som skriftspråk eller ikkje når ho skulle avgjera om det her var tale om eit eige språk. Det same resonnementet som for umesmisk vil måtte gjelde pitesamisk òg.

Pitesamisk fekk ei eiga rettskriving godkjend i 2019.

4.3 Pitesamisk identitet

Språket blir i dag omtala som «pitesamisk», busettingsområdet som «pitesamisk område» og folk som hører til denne kulturkrisen, blir omtala som «pitesamar». Det å vera pitesame er ein identitet, og tilknyting til det geografiske pitesamiske området og til pitesamisk språk er viktige delar av denne identiteten.

Bak arbeidet for å fremja det pitesamiske språket ligg eit ønske om å styrke pitesamisk identitet. Pitesamisk identitet blir då å forstå som ein slags samisk «delidentitet».

Professor i historie Bjørg Evjen såg i ein artikkel frå 2005 på framveksten av ein annan samisk delidentitet, lulesamisk¹⁵. Evjen peika på at i tidlegare tider omtala samar i dette området seg som samar, ikkje som nord-, lule-, pite- og umesamar.

Evjen skriv at bruken av nemningane «lulesame» om personar og «lulesamisk» om området voks fram innanfrå i den gruppa det gjeld. Nemninga «lulesamisk» om språket derimot, vart først brukt av språkvitskapsfolk som skulle skilje denne språkvarianten (lulesamisk) frå samisk språk lenger nord (nordsamisk) og lenger sør (pite- og umesamisk). Lulesamisk vart då brukt som ei fagleg nemning for ein variant av samisk språk, ikkje som namn på ein identitet.

¹³ Sammallahti, Pekka (1998): *Saami Languages. An Introduction*. Kárášjohka. Davvi girji.

¹⁴

¹⁵ Evjen, B (2005): "Jeg trodde jeg bare var same, ikke lulesame". Om "lulesame" og "lulesamsik område" som nye politiske og identitetsskapende begrep, I: Red. Axelsson & Sköld, *Ett land, ett folk. Sápmi i historia och nutid.*

Evjen viser at det var på 1970- og særleg 1980-talet at den opphavleg språkvitskaplege nemninga «lulesamisk» kom i allmenn bruk i Noreg om område og om folk. Nemninga fungerte då både for å skilje samane i dette området frå samar lenger nord, dei vart kalla nordsamar, og for å markere den sterke tilknytinga til samane i Lule lappmark på svensk side av grensa, i praksis kommunane Gällivare og Jokkmokk. Men før 1970-talet var «lulesamisk» berre brukt av lingvistar som studerte det samiske språket i området, skriv Evjen.

Evjen skriv ikkje om pitesamane i denne samanhengen, men det er grunn til å tru at nemningane *pitesamisk* og *pitesame* har ei historie som liknar historia om nemningane *lulesamisk* og *lulesame*. Dette er ikkje staden for å drive forsking på pitesamisk, slik Evjen i har gjort på lulesamisk. Men eit enkelt søk på ordet «pitesamisk» i det norske nasjonalbiblioteket sine digitaliserte samlingar, kan gje eit visst bilet. Eit slikt søk gjev treff på ordet i 284 bøker.

Søket viser at første gong ordet «pitesamisk» vart brukt i ei bok som kom ut i Noreg, var i 1942. Det året vart ordet brukt i to bøker, og det var språkprofessor Knut Bergsland ved Universitetet i Oslo som brukte det i begge bøkene. Neste gong vart det brukt i 1943, og då av språkprofessor Israel Ruong ved Uppsala universitet. Ruong var sjølv same frå dette området, fødd og oppvachsen i Arjeplog kommune.

Ved å søkje i norske aviser i Nasjonalbiblioteket får vi 735 treff på ordet pitesamisk. Det eldste avistreffet på ordet er frå 1973. Det året er pitesamisk brukt i ein stor artikkel om samiske språk generelt, skiven av førstekonservator Bjørn Aarseth ved Norsk folkemuseum. Denne artikkelen stod i mange norske aviser det året.

Her kan det vera ei feilkjelde i søket i og med at nemninga «lappisk» gjerne vart brukt i staden for «samisk» før andre verdskrig. Vi kunne difor tenkje oss at vi ville finne «pitelappisk» brukt i bøker og aviser før ein begynte å bruke «pitesamisk». Søk på «pitelappisk» i Nasjonalbiblioteket gjev berre tre treff i norske bøker, og ingen treff i aviser. Det eldste treffet er frå 1945, og då blir ordet brukt i tre ulike bøker. Knut Bergsland er sterkt inne i alle dei tre aktuelle bøkene, og éi av desse bøkene er doktoravhandlinga hans om den sør-samiske dialekten i Røros-området.

Desse funna underbyggjer hypotesen om at det som Evjen skriv om nemninga lulesamisk, også gjeld pitesamisk. Pitesamisk (slik som lulesamisk) vart først brukt av lingvistar, og då berre som språket. Deretter gjekk ordet etter kvart (på 1980-talet) over til å bli nemning på folk (pitesame), og deretter blir nemning brukt om busettingsområdet (det pitesamiske området).

Det er ingen tvil om at den samiske identiteten blant folk i dette området er både gammal, sterkt og levande,¹⁶ men det ser ut til å vera først i dei siste førti åra at folk har begynt å oppfatte seg sjølve som pitesamar, ei gruppe ulik lulesamane i nord og umesamane i sør. Den identiteten før var «same», er den no «pitesame»

Slik kan pitesamisk no oppfattast som eit eige språk for ei eiga samisk gruppe.

¹⁶ Dette er grundig drøfta i av Matit Myrvold i artikkelen: »Å gjøre sin arv til sitt eget valg. Samisk ungdoms identitetsforvaltning i pitesamisk område.« I Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red): *Från kust til kyst – Áhpegátttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana Akademisk

4.4 Politikk

Dersom stor språkleg avstand skulle vera eit avgjerande kriterium som skilde eitt språk frå eit anna språk, ville til dømes svensk og norsk vera same språket. Desse to språka er innbyrdes lett forståelege, og norsk kunne difor på lingvistisk grunnlag kallast ein dialekt av svensk (det er langt fleire som snakkar svensk enn norsk).

Det er likevel ingen som omtalar norsk som ein svensk dialekt. Grunnen til det er *politisk*, ikkje språkleg. Kva som er språk og kva som er dialekt, blir til sist politisk bestemt. Kvar står pitesamisk i denne samanhengen?

Den norske regjeringa gjev på heimesidene sine eit oversyn over samiske språk i Noreg, kalla «Fakta om samiske språk». Her har pitesamisk har fått eit eige avsnitt (medan umesamisk er unemnt). Det er uklårt kva ein skal legge i dette, men det er verdt å merke seg at regjeringa tre gonger brukar nemninga «språk» (ikkje «dialekt») når dei på heimesidene omtalar pitesamisk.¹⁷ Pitesamisk er ikkje nemnt spesielt i noka lovgjeving om samisk(e) språk, korkje i Noreg eller i Sverige.

Sametinget har ei viktig rolle i språkpolitiske saker. I 2014 oppnemnde den norske regjeringa eit utval som skulle komma med forslag til ein samisk språkpolitikk og til samiske språktiltak. Dette skjedde etter initiativ frå Sametinget, og Sametinget var sterkt inne i utforminga av sjølvé mandatet for utvalet. I dette mandatet stod det eksplisitt at det med samisk(e) språk var meint nord-, lule- og sør-samisk. Pitesamisk var ikkje med.

I 2016 la utvalet fram NOU-meldinga *Hjertespråket* der pitesamisk, i samsvar med mandatet, ikkje var handsama.¹⁸

I desember 2018 vedtok det norske sametinget ein offensiv språkpolitikk, forklart i dokumentet *Giellalokten*.¹⁹ Eitt viktig grunnlag for dette dokumentet var oppfølging av forslaga i *Hjertespråket*, men Sametinget uttalte i tillegg dette i 2018:

"I tillegg til utviklingsprogrammer for nord, lule -og sør-samisk, vil Sametinget i samarbeid med Sametingene i Sverige og Finland ta initiativ til utarbeidelse av utviklingsprogrammer for pite-, ume -og skoltesamisk."

Dette kom inn i dokumentet mellom anna etter politisk press frå pitesamisk hald.

I samband med det som Sametinget vidare uttala i *Giellalokten* om pengetilskot til kommunane, heitte det: "lule-, sør-, skolte-, ume-, og pitesamisk er i en sårbar stilling, og det er viktig at behovene til disse språkene særskilt ivaretas". Kvar gong pitesamisk blir nemnt i dokumentet, er det klassifisert som "språk", ikkje som "variant", "dialekt" eller liknande.

Sametinget på svensk side har den same haldninga som den som kjem fram i *Giellalokten* på norsk side. Avdelingssjef for språk og utdanning i det svenska sametinget, Anita Kitok, skriv i ein e-post 6. mars 2020 :

¹⁷ <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/samepolitikk/samiske-sprak/fakta-om-samiske-sprak/id633131/#pite>

¹⁸ NOU 2016-18: *Hjertespråket Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk*. Oslo.

¹⁹ Sámediggi (2018): *Gielelutnjeme – Giellalåppitim – Giellalokten. Sametingets strategier for samiske språk*. Kárásjohka.

«Sametinget i Sverige räknar alltid in ume- och pitesamiska i de samiska språken vilket även påpekats för andra myndigheter såsom skolverket som skriver *det samiska språket* i kursplanerna. Sverige har ju fem samiska språk som är likställda.”

I dei folkevalde sametinga i Sverige og Noreg blir pitesamisk sett på som eit eige språk.

4.5 Konkluderande merknader

Det er relativ liten språkleg avstand mellom pitesamisk og lulesamisk, og dei to språka er lett forståelege innbyrdes. På grunnlag av eit kriterium om stor språkleg avstand er det difor ikkje opplagt at vi her har å gjera med to ulike språk. Språkvitarar har likevel stort sett handsama lulesamisk og pitesamisk kvar for seg som om dei var to språk.

Trass i liten språkleg avstand, er pitesamisk og lulesamisk normerte med kvart sitt skriftspråk. Normeringa av pitesamisk har skjedd med støtte frå Sametinget, normeringa av lulesamisk skjedde derimot før sametinga vart oppretta. På grunnlag av kriteriet om ulike skriftmålsnормer er pitesamisk og lulesamisk to ulike språk.

Identitetsutviklinga i det pitesamiske området har vore at pitesamane frå 1980-talet av meir og meir identifiserer seg sjølve som ei eiga gruppe innan Sápmi, og pitesamisk språk er ein viktig del av denne identiteten. Det er liten tvil om at dei dette gjeld, ønskjer å sjå på pitesamisk som eit eige språk. Det går i fleire samanhengar klårt fram at sametinga både i Noreg og Sverige no reknar pitesamisk som eit språk, ikkje som ein dialekt. Dette er den reelle politikken, men det finst ikkje noko formelt politisk vedtak om dette.

Det er ikkje nedfelt i noko offentleg dokument kva det skal innebera i praksis at pitesamisk er eit eige språk, men det er naturleg å tenkje at pitesamisk då må komma inn under det lovverket som gjeld generelt for samisk(e) språk og i prinsippet bli handsama likt med sør- lule- og nordsamisk.

5 Dokumentasjon av pitesamisk språk


I det minste to faktorar må vera på plass for at eit språk kan revitaliserast. For det første må det finnast folk som identifiserer seg med språket og difor ønskjer å revitalisere det. For det andre må språket vera dokumentert, slik at det er mogleg å lære seg for den som vil.

5.1 Vitskapleg dokumentasjon

Samanlikna med mange andre språk er pitesamisk lite dokumentert og beskrive vitskapleg. Men noko finst. På slutten av 1800-talet gav den ungarske språkforskaren Halász Ignácz ut tekstar på pitesamisk, og på 1920-talet kom Eliel Lagercrantz med ei pitesamisk språklære (grammatikk), basert på dialekten i Arjeplog.

Israel Ruong (1903 - 1986) var den første med samisk som morsmål som vart professor i samiske språk. Han vokt opp med pitesamisk som morsmål. Ruong kom i 1940-åra med ei doktoravhandling om verbavleiringar, basert på systemet i pitesamisk, og han har også skrive andre vitskaplege arbeid med utgangspunkt i det samiske språket som han kjende best.

I nyare tid har forskarane Joshua Wilbur og Ann-Charlotte Sjaggo gjeve ut grammatikkar og ordbok for pitesamisk, sjå litteraturlista til denne utgreiinga . Deira forsking er i stor grad tilgjengeleg på svensk og er difor lettare å bruke *direkte* i dagens revitaliseringsarbeid enn den eldre forskinga som vart presentert på ungarsk og tysk.



TekstBøkene til Wilbur og Sjaggo er òg lettare å bruke i revitaliseringsarbeidet fordi dei presentere dei pitesamiske orda i ei moderne samisk rettskriving, ikkje i lydskrift (eller tilnærma lydskrift), slik dei eldre gjorde når dei vendte seg til eit internasjonalt akademisk publikum.

5.2 Tekstar og innspelingar på pitesamisk

I eit seminar som vart arrangert av det svenska sametinget i november 2019 (sjå kapittel 10.1.3), gjekk ei gruppe pitesamiske språkarbeidarar gjennom kva som finst skrive på språket og kva av dette som er tilgjengeleg til bruk i dagens språkopplæring: Dei summerte opp slik:

«Sedan 1930-talet finns det en del texter publicerade i tidningen Samefolket på pitesamiska, främst av Lars Rensund. Han gav också ut flera böcker där en del av texterna är på pitesamiska, bland annat:

Rensund, Lars (1968). Med Jon-Erik på renstigarna: minnen. Luleå: Norrbottens museum

Rensund, Lars (1982). Renen i mitten: minnen. Luleå: Norrbottens mus.

Rensund, Lars (1986). I samernas land förr i tiden. Luleå: Norrbottens museum.

Om nyare skriftleg materiale skriv gruppera:

"Under åren 2008–2012 genomförde Arjeplogs sameförening²⁰ projektet Insamling av pitesamiska ord. Projektet genomfördes av modersmålatalare av pitesamiska och samlade in tusentals ord, som senare låg till grund för den pitesamiska ordboken som gavs ut av språkvetaren Joshua Wilbur i projektet The Pite Saami Lexicography Project i en tryckt bok med sökord på samiska:

Wilbur, Joshua (red.) (2016). Pitesamisk ordbok: samt stavningsregler. 1. ed. Freiburg: Department of Scandinavian Studies

Det har också publicerats två pitesamiska grammatiker:

Sjaggo, Ann-Charlotte (2016[2015]). Pitesamisk grammatik: en jämförande studie med lulesamiska. Tromsø: Tromsø universitet, Senter for samiske studier, Solentro

Wilbur, Joshua (2014). A grammar of Pite Saami. Berlin: Language Science Press "

Om opptak av pitesamisk tale:

«Det finns ett tusental inspelningar med anknytning till Arjeplog på Institutet för språk och folkminnen (ISOF) och många av dem är på pitesamiska.

Joshua Wilbur har i projektet Pite Saami Documentation Project dokumenterat och arkiverat ett hundratal inspelningar av pitesamiska.»

5.3 Digitalt materiale

Viktig materiale finst òg tilgjengeleg digitalt. Gruppa skriv:

²⁰ Her har gruppa gløymt å nemne Salten pitesamiske foreining som òg stod bak prosjektet.

«Ordmaterialet från projektet Insamling av pitesamiska ord finns tillgängligt online (<http://saami.uni-freiburg.de/psdp/pite-lex/>) och underhålls av Joshua Wilbur. Användaren kan söka på pitesamiska, svenska, norska (bokmål) och engelska.
De pitesamiska orden finns tillgängliga med ljud. Sidan tillkom i projektet The Pite Saami Lexicography Project.»

Om ordboksapp:

«Det finns också en pitesamisk ordboksapp (BidumBágo) tillgänglig för mobiltelefoner med operativsystemet Android via Facebookgruppen BidumBágo (<https://www.facebook.com/groups/bidumbago/>). Den innehåller i dagsläget drygt 4 000 uppslagsord. Det går att söka på pitesamiska, svenska, norska (bokmål och nynorska), engelska och tyska.»

Den ordbokappen som det her vart referert til, er i stadig utvikling, og inneholder i dag fleire ord enn han gjorde då dette vart skrive.

Til saman finst det tre digitale pitesamiske ordboktiltak i gang, "Web-sátnegirji"- "Nähttadigibáhko" på denne sida: <http://dicts.uit.no/sjedicts.sme.html>, ordboksappen bidum-bago (ved Olve Utne) og den digitale versjonen av Pitesamisk ordbok, som Joshua Wilbur driv.

5.4 Konkluderande merknader

Pitesamisk språk er dokumentert både gjennom forsking på grammatikk, gjennom tradisjonelt ordboksarbeid og ved at det finst ein heil del lydopptak av innfødde talarar. Dessutan er resultat av dokumentasjon tilgjengeleg gjennom fleire digitale ordbokprosjekt.

Dersom den eksisterande dokumentasjonen av pitesamisk skal kunna brukast til å vidareføre språket til den unge generasjonen, trengst det tilrettelegging. Det finst i dag for lite materiell som er tilrettelagt for språklæring – anten det no er vaksne eller barn som skal lære. Dette er heilt nødvendig for å kunne drive eit effektivt revitaliseringsarbeid.

I denne samanhengen må dei nolevande tradisjonelle talarane av pitesamisk særleg nemnast, språkkunnskapane og språkkjensla hos desse er den mest verdifulle «dokumentasjonen» ein har av språket .

6 Dagens situasjon for pitesamisk språk

FN-organet UNESCO overvakar situasjonen for små språka i verda. For å kunna gjera slike vurderingar utarbeidde UNESCO i 2003 ei liste med faktorar som ein går ut frå at er særleg viktige for framtida for minoritetsspråk.²¹. Denne faktorlista er seinare ofte brukte i analysar også av andre enn UNESCO.

6.1 UNESCO sine ni faktorar

UNESCO opererer med ni faktorar på lista si. Desse ni faktorane er: 1) I kor stor grad blir språket overført innan familiar, frå dei eldre til den yngre generasjonen? 2) Kor stor del av den aktuelle folkegruppa snakkar det tradisjonelle språket? 3) Korleis er utviklinga innanfor dei tradisjonelle domena for språket? 5) I kor stor grad blir språket brukt på nye domene og i media? 6) I kor stor grad finst det undervisningsmateriell i språket? 7) Kva haldningar har styresmaktene i landet til minoritetsspråket? 8) Kva haldningar har medlemmer av den aktuelle minoritetsfolkegruppa sjølve til det tradisjonelle språket sitt?

Dette var åtte av ni faktorar. For kvar av desse åtte første faktorane har UNESCO utarbeidd ein skala frå 0 til 5 som skal seia noko om kor trygt språket står. Når språket skårar 0 eller 1 på faktor-skalaen, er det eit teikn på at språket er i ferd med å forsvinne eller allereie er forsvunne som vanleg kommunikasjonsspråk. Skårar språket 5, er det eit teikn på at det står relativt trygt, eller iallfall så trygt som eit minoritetsspråk utan eigen stat i ryggen kan stå.

Den niande faktoren er talet på talarar. Denne niande faktoren skil seg ut frå dei åtte andre fordi det ikkje finst nokon skala å vurdere svaret etter. Det er vanskeleg å seia noko sikkert om kvar den kritiske grensa for talet på talarar går.

6.2 Situasjonen for pitesamisk på svensk side

For å kunna vurdere situasjonen for eit språk ut frå UNESCO sine faktorar, må ein ha inngåande kjennskap til sjølve språksamfunnet. Blant dei som har slik inngående kjennskap, er det allmenn semje om at det i dag ikkje finst innfødde talarar av pitesamisk på norsk side av grensa. Men på svensk side finst det. Den følgjande skildringa av situasjonen for sjølve språket handlar difor om situasjonen på svensk side. Med «innfødd talar» er her meint folk som på uformelt vis har lært språket i barndommen av andre innfødde talarar. Det er tale om folk som står i ein levande munnleg språktradisjon.

I november 2019 samla Sametinget i Sverige pitesamiske språkarbeidarar til eit seminar for å gå gjennom UNESCO si faktorliste og vurdere situasjonen for pitesamisk ut frå denne. Med i gruppa som

²¹ UNESCO Ad Hoc Expert Group on Endangered Language (2003) *Language Vitality and Endangerment*. Document adopted by the International Expert Meeting on UNESCO Programme Safeguarding of Endangered Languages Paris, 10–12 March

skulle vurdere dette, var Elsy Rankvist, Karl Einar Enarsson, Marita Eriksson, Tage Rankvist, Inger Fjällås, Ulla Brita Unnes, Sara Unnes, Everth Richardsson, Peter Steggo og Ann-Charlotte Sjaggo. Vurderinga deira vart lagd fram i eit sju siders langt dokument, formulert av Ann-Charlotte Sjaggo. Peter Steggo var koordinator for gruppa.

Alle realopplysningane og dei fleste av vurderingane i resten av dette delkapittelet er henta frå sametingsdokumentet av 2019.

6.2.1 Overføring av pitesamisk til neste generasjon

Dei yngste innfødde talarane av pitesamisk er i dag sjølve besteforeldre. Dei fleste av denne generasjonen brukar i liten grad språket til dagleg. Mange av besteforeldregenerasjonen kan heller ikkje pitesamisk godt nok til å bruke det til kvardagsspråk, eller dei manglar nokon å snakke språket med. Dagens foreldregenerasjon kan som regel ikkje språket.

I ein slik situasjon blir ikkje språket lenger overført frå ein generasjon til neste innan familiane. Det finst likevel nokre få foreldre som arbeider aktivt for at språket skal overførast til barna, og nokre få besteforeldre som snakkar språket med barnebarna. Her blir skulen og barnehagen viktig for å støtte det språket barna hører heime, men i liten grad møter utanfor heimen.

Det finst folk med kunnskapar i pitesamisk som formidlar språket i barnehage og skule.

6.2.2 Kor sto del av pitesamane snakkar språket?

Det manglar tal for kor mange pitesamane er, men gruppa som vurderte dette spørsmålet tok utgangspunkt i kor mange som bur i Arjeplog og rekna desse som potensielle medlemmar av språksamfunnet. Gruppa vurderte talet på pitesamisktalande til å vera i alt 40. I Arjeplog bur det i underkant av 2900 menneske.

Dette kan bety at om lag 1,4 prosent av innbyggjarane i Arjeplog kan pitesamisk. Men, som den pitesamiske gruppa peikar på i det nemnde vurderingsdokumentet: alle dei førti talarane bur ikkje i Arjeplog.

Den pitesamiske gruppa som drøfta dette spørsmålet i 2019, drøfta ikkje nærrare kven som i framtida kan reknast som talar av pitesamisk. Det finst ei gruppe innfødde talarar som på uformelt vis har lært seg pitesamisk i barndommen av andre innfødde talarar. Fleirtalet i denne gruppa er i dag eldre menneske. Det finst òg ei gruppe som etter at dei vart vaksne, har lært seg språket av dei innfødde talarane. I denne andre gruppa finn vi eldsjeler som held kurs i pitesamisk for andre. Dei som har gått på språkkurs hos desse eldsjelene, snakkar òg pitesamisk på eitt eller anna nivå. Dei som har gått på slike kurs, kan vi kalla «nytalarar» av pitesamisk.

Sjølv om det språklege meistringsnivået kan variere blant nytalarane, har dei òg vorte ein del av ein ubroten pitesamisk språktradisjon.

6.2.3 Gamle og nye domene for pitesamisk språk

Språkleg domene» er eit faguttrykk henta frå sosiolingvistikken. Ved sida av «domene» blir ofte ordet «språkarena» bruka av politikarar og andre. Uttrykket «språkleg domene» blir bruka om eit samfunnsmål eller eit fagområde eller eit geografisk område eller ein type situasjonar der det kjennest naturleg for folk å bruke eit bestemt språk. Reindrifta har tradisjonelt vore eit slikt domene der samisk har vore det sjølvsagde arbeidsspråket.

For mange har det òg kjendest mest naturleg å bruke samisk i det religiøse livet, og i samvær med nære slektingar.

For kvart domene eit språk taper, blir språket svakare. Og motsett: dess fleire domene eit språk greier å (gjen)erobre, dess sterke vil det bli. Det blir difor viktig i språkarbeidet både å halde på eksisterande domene og å vinne nye.

Vi kan tenkje oss at på eit visst historisk tidspunkt vart pitesamisk brukt på dei aller fleste område (domene) av folks liv. Ein kunne då bruke pitesamisk til å snakke om alt det som ein hadde bruk for å snakke om. Sidan har språket suksessivt tapt mange domene og mange talarar fram til at situasjonen er blitt slik som i dag.

Det er sjølv sagt ein samanheng mellom talet på talarar og talet på domene.

Gruppa frå 2019 skriv slik om dagens bruk av pitesamisk på dei tradisjonelle domena:

Språket används i regel inom familjen och inom renskötsel, jordbruk, jakt och fiske. Även i de sammanhangen används ofta svenska. I övrigt domineras det svenska språket i vardagen för alla talare av pitesamiska. Ibland kan samtal inledas på samiska, men sedan gå över i svenska då talarna är mer självsäkra på svenska.

Joshua Wilbur har i projektet Pite Saami Documentation Projekt (PSDP) dokumenterat talad pitesamiska i genrerna lokal och personlig historia, mat, barndomsminnen, konversation, beskrivning av traditionella föremål, samiskt vardagsliv, traditionella berättelser m m.

Pitesamiska används också av vissa personer i religiösa sammanhang

Familie, reindrift, jordbruk, jakt, fiske, historieforteljing og religion er alt tradisjonelle samiske domene der språket har ein utvikla terminologi. Ein vanske med å ta i bruk pitesamisk på nye domene er at språket aldri har fått utvikle terminologi for slike domene.

Språket kan likevel bli brukt innanfor nyare domene enn dei som er nemnde ovanfor. Eitt slikt nyare domene er barnehagen. I Arjeplog har det sidan 2015 vore ei barnehageavdeling med pitesamisk profil. Språket står ikkje sterkt her heller, men to dagar i veka kjem det innom ein medarbeidar og snakkar pitesamisk med barna. Dette er eit nytt domene for språket, og barnehagen er eit svært viktig domene med tanke på framtida for språket..

Eit anna nytt og viktig språkleg domene er sosiale media. Her kan folk som kan pitesamisk på eitt eller anna nivå, lett møtast og bruke språket med kvarandre. Dette skjer då også til ein viss grad.

Dessutan finst det fleire facebook-grupper der spørsmål omkring pitesamisk språk blir diskutert. Det som blir diskutert her er òg viktig for den framtidige utviklinga av språket, sjølv om diskusjonane går på svensk og norsk. Desse gruppene vil bli nærmere omtala i kapittel 9.2 nedanfor.

Synleggjering av pitesamisk gjennom offentleg skilting er også eit nytt domene. Her er det særleg Arjeplog kommune som har teke ansvar. Skilt er eit viktig domene, fordi det er så mange som ser dei, og fordi folk ser dei så ofte.

Eit langt smalare nytt pitesamisk domene er, kanskje litt overraskande, akademiske rapportar. Gruppa av 2019 skriv:

Synliggörandet och medvetenheten kring det pitesamiska språket har gjort att behovet av översättningar har ökat. Det finns ett fåtal personer som har genomfört översättningar, bland annat till det samiska konfirmationslägret i Burträsk, muséer och akademiska rapporter.

6.2.4 Pitesamane si haldning til språket

Gruppa av 2019 har eit svært positivt inntrykk av pitesamane si interesse for og haldninga til pitesamisk språk. Dei skriv at interessa er aukande og at mange som ikkje fekk lære seg språket som barn, no ønskje å lære det, dei ønskjer «å ta språket sitt tilbake.» Denne interessa finst både på norsk og svensk side av grensa.

Det finst også eit sterkt ønske blant morsmålstalarane om å få styrkt språket sitt og eit ønske om å kunna vera med å overføre språket til neste generasjon.

Gruppa nemner vidare det sterke grasrotengasjementet for å dokumentere og normere pitesamisk språk. Dette er eit grenseoverskridande engasjement som har ført til utgjeving av ei pitesamisk ordbok.

Positive haldningar og sterkt engasjement for språket blant pitesamane sjølve, er sjølve føresetnaden for at ei revitalisering skal lykkast.

6.2.5 Talet på talarar av pitesamisk

Det er sjeldan at pitesamisk blir nemnt utan at det samtidig blir understreka kor truga språket er. Då er det særleg tenkt på det faktum at talet på talarar er lågt, at dette talet økta og at gjennomsnittsalderen på dei gjenverande talarane stig. Ulike oversikter opererer med at det er ca 30 som kan snakke pitesamisk i dag (til dømes brukar UNESCO dette talet).

Riitta-Liisa Valijärvi og Joshua Wilbur skrev i ein artikkel frå 2012 at så langt som dei hadde greidd å undersøkje tilhøva, kunne dei då lokalisere rundt tretti menneske som kunne snakke pitesamisk.²² Dei hadde snakka med 13 av dei. Av desse snakka ti språket flytande, medan tre vart karakteriserte som

²² Valijärvi, Riitta-Liisa & Wilbur, Joshua (2011). «The past, present and future of the Pite Saami language: Sociological factors and revitalization efforts.” *Nordic Journal of Linguistics*, 34(3), 295-329

«semi-speakers». «Semispeaker» er eit faguttrykk nytta om folk som til ein viss grad meistrar eit språk, men som ikkje kan det godt nok til å bruke det som tankereiskap eller til kvardagsspråk. Dessutan fanst det éin person, i følgje Valijärvi og Wilbur, som snakka språket flytande utan å ha lært språket som barn. I tillegg hadde dei fått oppgjeve namn på 28 personar som det vart sagt at skulle vera pitesamisktalande.

Den lokalkjende gruppa av pitesamiske språkarbeidarar som er nemnd innleiingsvis til dette kapittelet, opererer med eit tal på 40 talarar av språket.²³ Det er vanskeleg å definere kven som er talar av eit språk, både Valijärvi og Wilbur i artikkelen frå 2012 og Sjaggo i seminarreferatet frå 2019 er inne på denne vansken. Det er difor ikkje her tale om at eitt tal er «rett» og eit anna tal «feil». Talet vil variere etter kven som blir klassifisert som «talar».

Det ser ut som dei som har komme med eit overslag over talarar av pitesamisk, først og fremst har vore på leit etter folk som kan snakke språket på morsmålsnivå – innfødde talarar.

Det kunne kanskje vera fruktbart å rekne også andre enn desse inn i det pitesamiske språksamfunnet?

6.2.6 Andrespråkstalarar og andre medlemmar av språksamfunnet

Også folk som lærer seg eit språk i vaksen alder, kan oppnå høg språkleg kompetanse. Det finst døme på det i det pitesamiske språksamfunnet òg. Sjølv om samisk i utgangspunktet er andrespråket, er det mogleg å lære og mestre det på tilnærma morsmålsnivå.

I samfunn med språkskifte frå minoritetsspråk til majoritetsspråk i familiane, vil det alltid finnast ei gruppe personar som forstår minoritetsspråket utan at dei sjølve snakkar det. Desse vil kunna fungere greitt i pitesamiskspråklege situasjonar på den måten at dei sjølve snakkar svensk (eller norsk) medan andre snakkar samisk. Ingen treng då tolk, og desse kunne difor reknast som ein del av språksamfunnet. Denne gruppa har dessutan gjerne eit stort ordforråd inni seg og kunne relativt lett aktivisere dei passive kunnskapane sine.

Det er underkommunisert at det pitesamiske språksamfunnet i praksis kan omfatte langt fleire enn dei 30 – 40 innfødde talarane som er nemnde pluss eventuelle nyttalarar, semitalalarar og folk med passivt språk. Det som sjeldan blir nemnt i denne samanhengen er at alle som forstår lulesamisk, relativt lett forstår pitesamisk òg. Dessutan vil dei som har innfødd kompetanse i nordsamisk, etter ein del trening kunna forstå pitesamisk.

Alle som har lært seg å snakke pitesamisk, vil forstå lulesamisk, dei er då òg komne langt på vegen i å kunna forstå også andre samiske språk. Gjennom å tilegne seg språkkunnskapar i pitesamisk blir ein innlemma i eit samisk språksamfunn som er langt større enn det pitesamiske.

²³ Sametinget (2019): *Pitesamiska*. Upublisert referat frå seminar som det svenske sametinget heldt i Luleå i den 11/12 2019

6.3 Konkluderande merknader

Pitesamisk skårar lågt på UNESCO sin skala over kor sikre eller usikre språk er. Slik blir språket klassifisert som utdøydd i Noreg og alvorleg truga i Sverige. Skalaen fangar ikkje alltid opp nyansar i situasjonen, og desse nyansane må folk med lokalkunnskap føye til. Nokre av desse nyansane gjev eit litt lysare biletet enn det ein får ved berre å følgje skalaen frå UNESCO.

7 Pitesamisk i skuleverk og forskingsinstitusjonar

I ein situasjon der språket i liten grad blir overført til barna i heimane, kan barnehagar og skular vera viktige språkformidlarar. Høgskular og universitet blir viktige i denne samanhengen fordi det er dei som utdannar lærarar til skuleverket.

7.1 Barnehage, grunnskule, vidaregåande skule

Pitesamisk står generelt sett svakt i skuleverket, men tilhøva er eit hakk betre på svensk side enn på norsk side av grensa

7.1.1 På norsk side av grensa

På norsk side av grensa blir det ikkje gjeve noko pitesamisk tilbod i offentlege barnehagar, grunnskular eller vidaregåande skular. Ein kjenner heller ikkje til private skular eller institusjonar som gjev slikt tilbod. Det må likevel nemnast at interesserte lærarar har gjennomført gode opplegg om pitesamisk historie og tradisjonar, til dømes i Beiarn.

I Noreg i 2020 er det umogleg for barn i det pitesamiske området å lære pitesamisk språk gjennom skuleverket. Årsaka til dette er til dels at det ikkje finst nokon lovfesta rett til opplæring i pitesamisk, men òg at det ikkje finst lærarar i faget.

For vaksne er det i nyare tid halde to kurs i pitesamisk for vaksne, eitt i Beiarn i 2010 og eitt i Bodø i 2019, det siste etter at rettskrivinga var vedteken.

7.1.2 På svensk side av grensa

På svensk side av grensa kan ein velja pitesamisk i barnehagen og grunnskulen i Arjeplog. I barnehagen i er det her 2 eller 3 barn som i 2020 får eit særleg opplegg på pitesamisk. Tidvis får alle barna i barnehagen vera med på dette.

I grunnskulen i Arjeplog har foreldra til fire barn valt pitesamisk i 2020, to av dei i førsteklassen. Dette betyr at i Sverige kan barn i det pitesamiske området i 2020 få eit visst tilbod i pitesamisk i det ordinære skuleverket dersom dei bur i Arjeplog kommune.

I allfall for dei barna som snakkar pitesamisk med ein eller begge av foreldra, finst det ein lovheimel for å få ei viss opplæring i språket på skulen.

12 § För elever som har ett annat språk än svenska som dagligt umgängesspråk med en eller båda vårdnadshavarna får delar av undervisningen i årskurs 1-6 anordnas på detta språk. För elever med finska som umgängesspråk får sådan undervisning anordnas även i årskurs 7-9.
En huvudman som anordnar undervisning enligt första stycket ska anmäla detta till Statens skolinspektion.

Paragraf 12, var positiv for samisk, men paragraf 13 innskrenkar denne retten og gjer det vanskeleg å organisere språkopplæringa etter språkmadsmodell. Paragraf 13 seier:

13 § *Under den sammanlagda tid som eleven får tvåspråkig undervisning enligt 12 § får högst hälften av undervisningen ges på umgängesspråket. Undervisningen ska planeras så att undervisningen på svenska successivt ökar.*

Konklusjonen på dette er at det svenske lovverket ikkje er tilpassa urfolks revitaliseringsønske, verken for pitesamisk eller andre samiske språk. Det er her tenkt at det eigentlege behovet er å lære svensk.

7.1.3 Pitesamisk utdanningsløp for lærarar

Det er ingen tradisjon for å bruke pitesamisk i skuleverket korkje på svensk eller norsk side. Dette kombinert med at språket står svakt som talespråk og at samisk generelt har lågare status enn svensk og norsk, gjer at få foreldre krev tilbod i pitesamisk for barna sine.

I tillegg er det ein annan svært viktig grunn til ikkje å velja pitesamisk på skulen i dag: det finst veldig få som kan undervise i språket. Det er lite sannsynleg at kommunale barnehagar og skular utanfor Arjeplog skal greie skaffe språkformidlarar.

Dette problemet kjem av at det generelt sett er få talarar av språket, men det kjem òg av at det ikkje finst nokon formelle vegar for vaksne til å lære seg pitesamisk og slik bli lærarar i språket.

For å bøte på lærarmangelen kunne ein tenkje seg eit utdanningsløp for vaksne der ein starta med elementært språkkurs og endte opp med formell undervisningskompetanse i pitesamisk. Slike formelle løp kan etablerast ved universitet og høgskular, men finst ikkje i dag.

7.2 Pitesamisk ved universitet og høgskular

Det blir undervist og forska i samisk på ei rekke akademiske institusjonar i Noreg og Sverige. Dette kan vera eit godt grunnlag for å etablere eit framtidig utdanningsløp i pitesamisk språk.

Situasjonen for pitesamisk på dette området er i dag slik som skildra nedanfor.


7.2.1 Universitetet i Tromsø/ Norges arktiske universitet

Universitetet i Tromsø/ Norges arktiske universitet har hatt tilbod i samisk språkvitskap heilt sidan universitetet vart oppretta. Det har for det meste vore tale om undervisning i nordsamisk på forskjellige nivå, men studentar har òg kunna studere lule- og sørsamisk i Tromsø. Det har aldri vore drive regulær undervisning i pitesamisk språk korkje på lågare eller høgre nivå ved Universitetet i Tromsø. Det har ikkje vore spørsmål etter slik undervisning, og per i dag (2020) kan universitetet heller ikkje tilby pitesamisk som fag på lågare nivå, sjølv om det skulle vera interesse for det. Men det er mogleg i framtida å bygge opp eit fagmiljø som også kan dekkje pitesamisk.

På høgre nivå stiller dette seg litt annleis. Med det fagmiljøet som universitetet samla sett har i dag, skulle det i prinsippet vera mogleg å gje rettleiing til studentar som vil skrive masteravhandlingar i

pitesamisk. Men ingen studentar har gjort dette enno, mellom anna på grunn av at det ikkje har vore mogleg å skaffe seg dei nødvendige akademiske kunnskapane på lågare nivå,²⁴ det vil seia dei kunnskapane som studenten treng for å byrja på ein mastergrad.

Sjølv om UiT ikkje tilbyr regulære studium i pitesamisk, har universitetet hatt både forskingsprosjekt og utviklingsprosjekt som har med pitesamisk å gjera. Her kan særleg nemnast prosjektet *Från kust til kyst*, som no er avslutta, og som mellom anna resulterte i ei bok med same namn og med undertittel «møter, miljø og migrasjon i pitesamisk område».²⁵



Innanfor prosjektet *Från kust til kyst* vart det òg lagt grunnlag for ein pitesamisk språkanalysator for å skapa eit ordretteprogram. Etter at prosjektet var over, har forskar Joshua Wilbur arbeidd vidare med

²⁴ Opplyst av førsteamansis i samisk ved UiT, Lene Antonsen.

²⁵ Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red) 2015: *Från kust til kyst – Áhpegáttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana akademisk

ordretteprogrammet.²⁶ Analysar av bruken av dette pitesamiske programmet finst ein i artikkelen av Lene Antonsen og Trond Trosterud frå 2020. ²⁷

Prosjektet *Från kust til kyst* resulterte òg i andre artiklar om språket i samfunnet, mellom anna ein artikkelen om språkskifte frå (nord)samisk til norsk i ei slekt innanfor det pitesamiske området i Noreg. Denne artikkelen er nærmere omtala i kapittel 3.3. ovanfor.

Universitetet har tidlegare halde kurs om språkleg revitalisering i samband med studium i sør-samisk. Eit slikt kurs vil kunna tilpassast pitesamisk òg.

7.2.2 Sámi allaskuvla – Samisk høgskole

Samisk høgskole er ein samiskspråkleg institusjon der nordsamisk er hovudspråk både i undervisning og forsking. Her kan ein studere nordsamisk språk frå og med nybegynnarkurs til og med doktorgrad.

Gjennom det sør-samiske fagmiljøet ved *Senter for samisk i utdanninga*, som er ein del av Samisk høgskole, har høgskulen vore med på å utvikle det sør-samiske språket til bruk i skulen. Pitesamisk har til no ikkje vore inkludert her.

Det er ein tradisjon ved Samisk høgskole for å integrere studentar med lulesamisk som førstespråk i lærarutdanningane, slik at studentane til dømes kan bruke lulesamisk munnleg og dessutan skrive se-mesteroppgåver og anna skriftleg arbeid på lulesamisk, medan undervisninga har nordsamisk som hovudspråk. Om det hadde vore aktuelt, kunne skulen ha integrert pitesamisktalande på same måten som lulesamisktalande, men i dag er det få pitesamisktalande som kan vera aktuelle studentar etter ein slik modell.

Det blir i dag ikkje undervist i pitesamisk på noko nivå ved Samisk høgskole, og det blir heller ikkje arbeidd med språket på annan måte.

Ved studia av samisk språk på høgre nivå, mastegrad og doktorgrad, skal studentane gjera seg kjende med andre samiske språk enn det som dei har til hovudspråk. Her kunne det ha vore aktuelt med til dømes kurs i pitesamisk for nordsamisktalande studentar. Men dette har enno ikkje vore noko tilbod.

Samisk høgskole vil truleg allereie i dag ha faglege ressursar til å gje rettleiing til studentar som ønskjer å studere pitesamisk på høgre nivå, her vil tilsette med høg kompetanse i lingvistikk og i samisk språk generelt kunna rettleie. Men høgskulen har per i dag (2020) ikkje kapasitet til å gje kurs på lågare nivå. Og eksamen frå lågare nivå er nødvendig for å kunne byrja på høgare nivå.

Samisk høgskole har integrert faglege spørsmål omkring språkleg revitalisering i profesjonsutdanningane sine. Dette er eit tema som er relevant for folk som arbeider for å fremja pitesamisk. Høgskolen kan gje kurstilbod i dette uavhengig av kva samisk språk det er tale om.

Ein kan ved Sámi allaskuvla ta både mastergrad og doktorgrad i samisk med sosiolinguistikksom fagleg vinkling. Her vil pitesamiske problemstillingar passe naturleg inn.

²⁶ Om det pitesamiske prosjektet, sjå:

<https://www.forskningsrådet.no/siteassets/publikasjoner/1254033530488.pdf>

²⁷ Antonsen, Lene og Trosterud, Trond (2020): «Med et tastetrykk. Bruk av digitale ressurser for samiske språk» *I Sámi logut muitalit 13-*

Det same gjeld faget stadnamnforskning som høgskulen òg har tilbod i på bachelor-, master- og doktorgradsnivå.

På det heilt elementære nivået tilbyr høgskulen populære kurs i nordsamisk og sør-samisk. Her finst det ferdig utarbeidde fagplanar som pitesamisk i prinsippet kan gå inn i dersom lærarkrefter finst.

7.2.3 Nord universitet i Bodø

Nord universitet i Bodø har eit spesielt ansvar for språka sør- og lulesamisk, og universitetet gjev undervisning i desse. Det blir ikkje undervist i andre samiske språk ved Nord universitet.²⁸ Leiinga ved universitetet er medviten om at Bodø ligg i det tradisjonelle pitesamiske området, og vil difor at språket skal inkluderast i verksemda ved institusjonen. Om dette skriv universitetet på heimesidene sine:

Nord universitet følger også arbeidet med revitalisering av pitesamisk med stor interesse og er glade for at pitesamisk fikk et normert skriftspråk tidligere i høst. I lys av det er det naturlig at Nord universitet i fremtiden inkluderer også pitesamisk som et interesseområdene. Og det første steget kan være å inkludere også pitesamisk i søkerader om forskningsmidler innen de to språkene som universitet har ansvar for, om det er relevant. En slik tilnærming kan åpne muligheten for både å bygge forskningsbasert kunnskap også om pitesamisk.²⁹

7.2.4 Árran lulesamisk senter

Árran lulesamiske senter på Drag i Hamarøy kommune i Nordland er ikkje eigen høgskule eller universitet, men kan likevel på mange måtar reknast som ein akademisk institusjon sidan det her går det føre seg forskings- og utviklingsarbeid for det lulesamiske samfunnet.

Som omtala i kapittel 4.1 er det små forskjellar mellom språka lulesamisk og pitesamisk og alt fagleg språkarbeid, slik som til dømes lærermiddelutvikling for lulesamisk, kan òg komma pitesamisk til gode. Her vil samarbeid mellom det pitesamiske miljøet og Árran vera naturleg.


Árran har i dag (2020) ein medlem i ei grupper som arbeider for pitesamisk museum.

På det språklege området har Árran ført vidare eit større prosjekt om pitesamiske stadnamn. Dette prosjektet var starta av Duoddara Ráfe i Beiarn, og ført vidare av Árran då Árran fekk museumsansvar for området. Dette prosjektet resulterte i innsamling og normering av 200 pitesamiske stadnamn. I tillegg vart det i samband med prosjektet gjeve ut eit kunst-kart med pitesamiske namn. Kartet vart utarbeidd av Hans Ragnar Mathisen.

²⁸ Opplyst av universitetslektor/ doktorgradsstipendiat Sandra Nystø Rahka ved Nord universitet

²⁹ <https://www.nord.no/no/aktuelt/kalender/Sider/samisk-sprakuke-2019.aspx> (lasta ned 27. mai 2020)

Det finst ein tilgjengeleg rapport frå dette arbeidet, og Árran gav dessutan ut ei bok med artiklar om pitesamiske stadnamn i Salten. Boka var òg eit resultat av prosjektet.



Det er grunn til å diskutere nøyne i kor stor grad Árran skal vera ein institusjon for både lulesamisk og pitesamisk, og i kor stor grad det skal finnast parallelle institusjonar, ordningar og prosjekt. I det pitesamiske miljøet på norsk side kan det registrerast ein viss skepsis mot å knyte seg tett til Árran. Sidan Árran er ein så tydeleg lulesamisk institusjon, kan det pitesamiske bli gjort mindre synleg ved eit slikt samarbeid, blir det sagt.

7.2.5 Universitetet i Umeå

Det er lang tradisjon for undervisning i samisk(e) språk ved Universitetet i Umeå, og universitetet gjev i dag tilbod innan både nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk.³⁰ På same måten som Universitetet i Tromsø har Universitetet i Umeå eit særleg fagleg ansvar for samiske tilhøve, og det er her mogleg å studere samfunnsfaglege og religionsvitenskaplege emne med tilknyting til samiske samfunn, tema som er viktige å ha innsikt i for alle som skal undervise samiske elevar.

Universitetet i Umeå tilbyr ikkje noko kurs på lågare nivå i pitesamisk, men med den samla fagkunnskapen i samisk lingvistikk ved universitetet, vil det vera mogleg å studere sider ved pitesamisk på høgre nivå. Behovet for utdanning i pitesamisk er mest prekært på lågare nivå om ein skal rekruttere lærarar i språket.

Universitetet tilbyr kurs i samisk didaktikk, og dette er eit kurs som vil vera aktuell for lærarar i alle dei samiske språka, pitesamisk inkludert. Innhaldet i dette kurset er:

«Studier av den samiska språksituationen i Sverige och av nationella och internationella styrdokument för undervisning i samiska. Kritisk granskning av läromedel ingår. Utifrån detta genomför den studerande en individuell fördjupningsuppgift.»³¹

Sametinget i Sverige peika i 2020 på at det ikkje finst undervisning i pitesamisk ved Universitetet i Umeå og peika vidare på at dette hemmar revitaliseringa av språket.

I sitt eige *Förslag till handlingsprogram för bevarande av de samiska språken* er Sametinget i Sverige svært kritisk til korleis staten og Universitetet i Umeå prioriterer på dette området. Sametinget skriv:

Umeå universitet har som framgått ovan ett särskilt ansvar för att erbjuda utbildning i de samiska språken och får årligen medel för detta. Det erbjuds få kurser i samiska och det finns ingen kontinuitet i de kurser som hålls. Vid flera tillfällen har kurser ställts in med hänvisning till lärarbrist. I likhet med andra förvaltningsmyndigheter har universiteten enligt lag (2009:724) om nationella minoriteter och minoritetsspråk en skyldighet att ge bland annat urfolket samerna möjlighet till inflytande i frågor som berör dem och att så långt som möjligt samråda med samerna i sådana frågor. Inget sådan strukturerad dialog sker i dagsläget. Åtgärden syftar till att ansvaret för Umeå universitet i fråga om utbildning i de samiska språken måste förtydligas. Den precisering av ansvaret som finns idag, och som regeringen beslutat om, är inte tillräckligt tydlig i fråga om omfattningen av kurser som ska genomföras. Det bör finnas en förutsägarbarhet för studenter och lärare och tydligare krav på att vid behov skapa samarbete med andra lärosäten för att hantera lärarbrist. Detta ska kunna genomföras inom befintlig ekonomisk ram. Till åtgärden ska en uppföljning knytas som ska genomföras efter tre år och utgöra underlag för bedömning av hur ansvaret för utbildning i samiska fortsatt

³⁰ <https://www.umu.se/utbildning/sok/?q=samiska>

³¹ <https://www.umu.se/utbildning/sok/?q=samiska>

Sametinget i Sverige går inn for at det må oppretta fleire stillingar i samisk ved universitetet:

Att samiska språket kan studeras på universitetsnivå är av betydelse för revitaliseringen av samiska i flera avseenden än att enbart utbilda fler personer i samiska. Bland annat är det viktigt för språkutvecklingen, språkens status, synliggörande och forskningen. Därför är det nödvändigt med en basbemanning vid Umeå universitet som har det utpekade ansvaret för utbildning i samiska språk.

Vidare viser Sametinget direkte til pite- og umesamisk for å grunngje det auka ressursbehovet:

Sedan UHR gjorde bedömning av ressursbehovet har ytterligare två samiska språk, pite- och umesamiska godkänts i Sverige. Åtgärden innebär att resurser måste tillföras Umeå universitet minst i enlighet med UHRs beräkningar för att möjliggöra en basbemanning i samiska språk vid universitetet.³²

7.2.6 Universitetet i Uppsala

Ved universitetet i Uppsala er det mogleg å studere samisk(e) språk. Dette gjeld først og fremst nordsamisk og sør-samisk. Desse to språka kan studerast på A-, B- og C-nivå innanfor det svenske universitetssystemet.

Innanfor ramma av studia i nordsamisk og sør-samisk, finst 7,5 studiepoeng i andre samiske språk enn det som studenten har valt. I praksis vil dette per i dag (2020) seia at studentar i nordsamisk også les 7,5 studiepoeng lulesamisk, medan studentar i sør-samisk les 7,5 studiepoeng umesamisk. Pitesamisk er i dag ikkje med i desse fagplanane.

På høgare nivå (D- og E-nivå i det svenske systemet) er det betre høve til å innpasse pitesamisk i eit studium. Studentar som les eit finsk-ugrisk språk ved universitetet skal på det høgare nivået lesa også eit anna språk enn det dei har valt som hovudstudium. Slik vil det gå an å innpasse pitesamisk som eit emne for studentar som studerer finsk eller estisk i Uppsala.

Ved universitetet i Uppsala var det tidlegare eit miljø for å arbeide fagleg med språkleg revitalisering av truga språk. Her var samiske språk sentrale. Denne faglege aktiviteten var særleg knytt til miljøet rundt professor Leena Huss som no er pensjonert.

I dag er det ingen ved Universitetet i Uppsala som har teke opp denne faglege tråden frå Huss. Det finst likevel eit kurs ved universitetet som heiter *Minoritetsspråken i Sverige förr och nu*, og innanfor dette kurset er revitalisering eit emne.³³

³² Sametinget (2020) *Förslag till handlingsprogram för bevarande av de samiska språken*. Kiruna

³³ Opplysningsane om smiskopplæringa i Uppsala er gjevne av Torbjörn Söder, mai 2020.

7.3 Konkluderande merknader

I Noreg er det i dag ikkje høve til å velja pitesamisk språk for barn i barnehage og skule. Ein grunn til dette er manglande lovheimel for å krevja undervisning i pitesamisk, ein annan grunn er mangelen på lærarar i språket.

I Sverige er tilhøva litt betre på dette området enn i Noreg, sidan det blir gjeve barnehage- og skuletilbod til barn i Arjeplog kommune. Men også her trengst fleire lærarar.

Det finst ikkje noko etablert studieløp der ein kan begynne utan kunnskapar og så steg for steg lære seg pitesamisk. Dessutan finst det ikkje universitets- eller høgskulestudium i pitesamisk språk på lågare nivå korkje i Noreg eller i Sverige.

Derimot kan ein i praksis studere pitesamisk på høgare nivå, slik ein kan studere fleire andre finskugriske språk på høgare nivå i Skandinavia.

Mangelen på tilbod under mastergradsnivået gjer det svært vanskeleg å utanne førskulelærarar, grunnskulelærarar og lærarar til kurs om kan formidle pitesamisk språk til barn og vaksne.

Sametinget i Sverige har på grunnlag av sitt *Förslag till handlingsprogram för bevarande av de samiska språken* teke opp denne saka direkte med departementet i Stockholm, der dei viser direkte til behovet for å kunna studere pitesamisk.

8 Pitesamisk i kommunane og sametinga

Pitesamisk språk har så langt ei svak stilling i det offentlege. Kommunane og sametinga har her eit ansvar.

8.1 Kommunane

I det tradisjonelle pitesamiske området på norsk side av grensa er det ingen kommunar som er med i forvaltningsområdet for samisk språk. Pitesamisk har likevel vore framme i lokale debattar om synleggjering av samisk språk, til dømes ved skilting av stadnamn. Den hardaste av desse debattane, debatten om samisk kommunenamn for Bodø, tapte den sida som argumenterte for pitesamisk bynamn.

Det er vanskeleg å komma vidare med synleggjeringa av pitesamisk lokalt før språket blir nemnt spesielt i lovverket (sjå kapittel 2.2.4 ovanfor). Andre kommunale tiltak for pitesamisk kan òg bli vanskelege å få til av same grunn

Kommunane Arvidsjaur og Arjeplog på svensk side av grensa er med i forvaltningsområdet for nasjonale minoritetsspråk i Sverige. I Arjeplog kommune er det ei administrativ stilling som har som si oppgåve å arbeide med samiske saker, og her er pitesamisk det viktigaste. Dette er ein stor styrke.

Umeå kommune er òg innanfor forvaltningsområdet for nasjonale minoritetsspråk, og her bur det truleg mange pitesamar. Men Umeå har ansvar for fleire nasjonale minoritetsspråk enn samisk, og det blir difor lite pengar til kvar. Umeå kommune tek ikkje eigne initiativ når det gjeld pitesamisk.

8.2 Sametinga

Etter at pitesamisk har fått godkjend rettskriving, blitt språket sett på som eit eige samisk språk i sametinga både på norsk og svensk side. Først ute med ein slik aksept var sametinget på svensk side, og pitesamisk blir no her alltid nemnt på line med andre samiske språk (sjå kap.4.4 ovanfor).

På norsk side representerer strategidokumentet Giellalokten frå 2018 ei ny line når det gjeld pitesamisk. I dette dokumentet står det at Sametinget skal arbeide for å fremja pitesamisk i Noreg.

Sametinget på norsk side gav pengetilskot til pitesamisk språkarbeid også før Giellalokten.

8.3 Konkluderande merknader

Det finst ingen kommunar som har profilert seg på det pitesamiske, bortsett frå til ein viss grad Arjeplog kommune på svensk side. Det er vanskeleg å få til store endringar på det kommunale planet utan lovendringar både i Noreg og Sverige.

Sametinga står friare enn kommunane med omsyn til gjeldande reglar, og sametinga er dei som helst kan påverke til endringar i offisiell norsk og svensk politikk. Sjølv har både dei aktuelle sametinga den haldninga at pitesamisk språk skal styrkast og utviklast.

9 Frivillig arbeid for pitesamisk på norsk side

På norsk side begynte ei pitesamisk vakning i samband med ei sak om nedslakting av ein villreinflokk i fjellområdet mellom Beiarn og Gildeskål på midten av 1980-talet. Dette var forvilla rein som stamma frå tamrein, og mange i området følte at denne reinflokken hadde å gjera med deira eigen samiske bakgrunn.

Nedslaktinga førte til eit visst samisk engasjement og organisasjonsforsøk, men ikkje til nokan varig organisering.

9.1 Organisasjonar

Det første organisasjonsforsøket kom først på 1990-talet med Pitesamisk forum.

Pitesamisk forum arbeidde for å synleggjera det pitesamiske nærværet i Nordland, og dei arbeidde for å hevde nedarva rettar som var gått tapt i og med at så mykje av pitesamane sine gamle bruksområde no var statsgrunn. Slik var det her ein viss samanheng med den tidlegare saka om statleg nedslakting av forvilla rein i fjella mellom Gildeskål og Beiarn.

Elles var dei som stod bak Pitesamisk forum opptekne av at det måtte etablerast eit pitesamisk museum.

Salten pitesamiske forening/ Salto Bihtesamiid Searvi vart stifta i 1999, og denne foreininga ville, som namnet fortel, prøve å samle folk med pitesamisk bakgrunn for å utvikle pitesamisk språk, kultur og identitet på norsk side av grensa.

Fire medlemmer i foreininga kausjonerte privat og kjøpte den gamle lensmannsgarden i Beiarn for å ha ein stad ein kunne møtast og vidare gjera denne til eit senter for pitesamisk kultur og språk i Noreg. Utviklinga av det lulesamiske senteret *Árran* på Drag i Hamarøy kommune hadde vist kor viktig det kan vera å ha eit slikt fysisk senter.

Det pitesamiske senteret i Beiarn fekk namnet *Duoddara Ráfe*. Organisasjonsforma for Duoddara Ráfe vart snart endra frå eit privat senter til ei stifting. Dette vart gjort fordi ein då lettare kunne ta mot støtte frå Sametinget og andre offentlege instansar.

Etter at Duoddara Ráfe var etablert, vart også språkspørsmål teke opp. Først på 2000-talet vart ei sak om bynamnet Bodø aktuell. Bystyret i Bodø hadde bestemt at fylkeshovudstaden skulle få eit offisielt samisk namn i tillegg til det offisielle norske. Sametinget vart rådspurt om kva Bodø skulle heite på samisk, og dei rådde til å bruke namnet Båddådjo som offisielt namn. Båddådjo er det lulesamiske namnet på byen.

Her peika Salten pitesamiske forening på at Bodø ligg utanfor det lulesamiske området. Historisk sett er dette eit pitesamisk område. På pitesamisk heiter byen Buvda, og den pitesamiske foreininga foreslo at dette skulle vera det offisielle samiske namnet på byen.

Det vart ein offentleg debatt om Buvda kontra Båddådjo. Det positive med debatten, sett frå pitesamisk synsvinkel, var at det pitesamiske nærværet i fylket vart synleggjort. Men Salten pitesamiske forening tapte slaget om sjølve bynamnet, og i 2007 vart skiltet med parallellnamna Bodø og Båddådjo sett opp.

Salten pitesamiske forening innleidde på denne tida eit språksammarbeid med det pitesamisk miljøet på svensk side av grensa, og slik kom det i 2006/07 i gang eit interreg-prosjekt for innsamling av pitesamiske ord. Det aller viktigaste resultatet av det grenseoverskridande samarbeidet, har til no vore normeringa av språket. Dette samarbeidet er no formalisert i *Bidumsámeigiellá ríjká gáskán*.

Duoddara Ráfe spela òg ei rolle i finansiering og utgjeving av Pitesamisk ordbok som kom ut i 2016. Dette var eit prosjekt som vart drive av forskar Joshua Wilbur.

Frå 2014 fekk Duoddara Ráfe ein dagleg leiari tilsett i fast stilling. Før dentida hadde det vore deltidstilsett ved institusjonen. Frå no av utgjer styret i stiftinga saman med den daglege leiaren ein sentral og stabil ressurs i arbeidet for det pitesamiske. Mesta alt som skjer av arbeid for pitesamisk språk i Noreg er på ein eller annan måte innom her.

Lennart Ranberg har i denne tida vore styreleiar for stiftinga, og Stig-Morten Kristensen har frå 2014 vore dagleg leiari ved senteret i Beiarn med heile det pitesamiske området som arbeidsfelt.

Ingrid Lien og Arnstein Brekke har stifta organisasjonen Pitesamisk museum som arbeider med bevaring av samisk kulturarv, som til dømes hus og gammer. Gjennom ulike aktivitetar formidlar denne organisasjonen pitesamisk historie. Pitesamisk Museum har eit tett samarbeid med bygningsvernarbeid i Bodø kommune,

9.2 Facebook-grupper

I 2010 vart det oppretta ei eiga Facebook-gruppe for pitesamisk språk, og i denne gruppa har det i 10 år gått samtalar om pitesamisk. Gruppa heiter *Bidumsámeigiella – pitesamiska*. Facebook er lik den samiske kulturen på den måten at dei begge er grenseoverskridande, og gruppa har medlemmer frå både norsk og svensk side.

Aktiviteten i gruppa *Bidumsámeigiella – pitesamiska* må kallast «samtalor» om pitesamisk språk, ikkje «diskusjonar». Deltakarane er sjeldan ueinige. Dessutan er samtalane på facebook-gruppa *om* språket, ikkje *på* språket.

Bidumsámeigiella – pitesamiska hadde 260 medlemmer i oktober 2020.

I 2017 vart det oppretta enda ei Facebook-gruppe, kalla *BidumBágo*. Denne gruppa har eit meir konkret mål enn gruppa *Bidumsámegiella – pitesamiska*. Føremålet med den nyaste gruppa er å utvikle ein pitesamisk ordboksapp. I mars 2020 hadde denne appen 4700 samiske oppslagsord, omsette til svensk, nynorsk, bokmål, engelsk og tysk.

Gruppa *BidumBágo* hadde 120 medlemmer i oktober 2020. Dei aller fleste av desse er òg medlemmer i gruppa *Bidumsámegiella – pitesamiska*.

I tillegg til dei to pitesamiske språkgruppene, finst det på Facebook òg ei gruppe som heiter *Bidumsáme duodje/ pitesamisk håndverk*. Denne gruppa har òg å gjera med språkstyrkinga sidan språkspørsmål i samband med pitesamisk handverksterminologi gjerne bli drøfta her. Gruppa *Bidumsáme duodje/ pitesamisk håndverk* hadde 290 medlemmer i oktober 2020, og er såleis den største av dei pitesamiske gruppene.

Salten pitesamiske foreining har ei eiga facebookgruppe som hadde 120 medlemmer i oktober 2020. denne gruppa er lukka for andre enn medlemmer.

Det har stor verdi fortløpende å kunna ta opp pitesamiske tema slik som ein kan gjera i desse fire Facebookgruppene. Bortsett frå gruppa Salten pitesamiske foreining, er ikkje desse gruppene direkte interessegrupper. Gruppemedlemmene utgjer likevel eit nettverk som truleg kan mobiliserast både fagleg og politisk for pitesamisk språk om det skulle trengast.

9.3 Personleg innsats for pitesamisk på norsk side

Det finst aktivitet for pitesamisk språk og kultur i regi av andre enn dei organisasjonane og gruppene som er nemnde ovanfor. Her har Toril og Knut Sivertsen i Tollådalen i Beiarn vore svært aktive, og dei to driv i dag turistbedrift med klår pitesamisk vinkling.

Toril og Knut Sivertsen har vore aktive for det pitesamiske på mange plan, mellom anna har Saltenposten for 2.11 2019 ei side om arbeidet deira med å merke med skilt pitesamiske kulturminne i Tollådalsområdet.

Her er vi inne på kjernen i alt språkleg revitaliseringsarbeid. Pitesamisk språk og kultur vil ikkje kunna førast vidare utan denne typen personleg innsats frå folk som sjølve reknar seg som pitesamar.

9.4 Aukande merksemld kring pitesamisk språk

All den aktiviteten som er skildra ovanfor, har ein verdi i seg sjølv og styrker medvitet, kunnskapen og engasjementet hos dei det gjeld.

Utover det «indre» pitesamiske engasjementet er det vanskeleg å måle kva innverknad dei organiserte og personlege aktivitetane har hatt. Ein reiskap som til ein viss grad kan brukast til dette, er søking via retriever på internett. Her kan ein søkje i dei fleste (men ikkje alle) norske avisene, og

slik sjå korleis dei tradisjonelle media formidlar vidare kunnskap om pitesamisk språk og pitesamiske tilhøve.

Søk på retriever viser at pitesamisk lenge berre var sporadisk nemnt i norske aviser. Til dømes var ordet «pitesamisk» nemnt éin gong i ei norsk avis i 1996, og deretter vart ikkje ordet nemnt igjen før i 2001, heller ikkje då meir enn éin éin gong.

Frå og med 2007 blir pitesamisk nemnt kvart år, det året vart ordet nemnt seks gonger. Frå då av er utviklinga slik som vist i Tabell 2 nedanfor:

Tabell 2
Pitesamisk nemnt i avisene hos retriever i åra 2008 - 2019

År	Gonger nemnt
2008	13
2009	21
2010	14
2011	22
2012	14
2013	17
2014	8
2015	23
2016	14
2017	26
2018	13
2019	28

Vi ser at merksemda kring pitesamisk varierer ein del frå år til år, men det store biletet er at avisomtalen er veksande, og at auka aktivitet har ført til auka interesse også utanfor miljøet av pitesamiske eldsjeler.

Det er likevel ikkje slik alle desse avisartiklane handlar om pitesamisk spesielt. I ein del av artiklane er pitesamisk berre nemnt i opprekning av samiske språk, til dømes i samband med 6. februar-arrangement. Men det at pitesamisk blir nemnt i slike opprekningar, er òg ein framgang frå korleis det var for tjue år sidan.

9.5 Konkluderande merknader

Dei siste tjue åra har det vore eit aukande engasjement for pitesamisk språk på norsk side av grensa. Dette engasjementet har resultert i organisasjonar og ein institusjon med fast stilling.

Dessutan er det starta fleire facebookgrupper som er viktige for kontakten mellom dei som arbeider for språket. Facebookgrupper er i sin natur grenseoverskridande, og dei pitesamiske facebookgruppene har medlemmer både frå norsk og svensk side. Desse gruppene fungerer ikkje som kampgrupper.

Både organisasjonane og Duoddara Ráfi samarbeider med det pitesamiske miljøet på svensk side av grensa. Innanfor dette samarbeidet er finansieringa og utgjevinga av Joshua Wilbur si pitesamiske ordbok det enkeltresultatet som har vore viktigast for språket. Samarbeidet er no formalisert gjennom prosjektet *Bidumsámeigiellá ríjká gáskán*.

10 Synspunkt og ønske frå det pitesamiske miljøet

Som gjort greie for andre stader i denne utgreiinga finst det i dag få talarar av pitesamisk, og det finst relativt få som vi kan kalle språkaktivistar eller eldsjeler. Men dei finst. Dei fleste av desse eldsjelene har gjennom slekt og familie ei historisk tilknyting til det pitesamiske språket og området, medan andre kan på anna grunnlag ha fatta interesse for den pitesamiske situasjonen.

Sidan det absolutte talet både på talarar og eldsjeler er lågt, vil det ikkje gje særleg mening å laga ei kvantitativ undersøking av meininger, holdningar, framtidssplanar og språkleg praksis blant desse, for deretter å rekne ut prosentar for kva som er mest dei mest utbreidde oppfatningane.

I staden for tal og prosentar byggjer dette kapittelet på kvalitative intervju med utvalde sentrale personar i miljøet og på skriftleg referat frå eit seminar i november 2019.

10.1 Innsamling av synspunkt til denne utgreiinga

I utgangspunktet var det planen å reise rundt i det pitesamiske området for å snakke med folk på begge sider av riksgrensa for slik å få eit inntrykk av kva syn som rådde. I tillegg hadde Sametinget planlagt eit seminar der ein òg skulle få fram dei ønska og tankane om språk som fanst i det pitesamiske miljøet. Men på grunn av koronakrisa som byrja samtidig med at arbeidet med denne utgreiinga, skulle komma i gang, vart desse arbeidsmåtane umoglege, og ein måtte finne andre metodar å nå folk på.

10.1.1 Telefonintervju

I staden for reising og seminar vart det gjort ei rekke telefonintervju, og i tillegg vart det gjort eitt intervju andlet til andlet. Desse intervjuia er her den viktigaste kjelda for å kunna seia noko om folks eigne synspunkt på stoda.

Det som kom fram i desse intervjuia, er innarbeidd på ulike stader i teksten i denne utgreiinga, og ein del generelle inntrykk frå intervjuia blir presenterte lenger nede i dette kapittelet saman med dei konkrete forslaga som kom fram.

Kvart telefonintervju varte om lag ein time, og det vart teke notatar – ikkje gjort opptak.

10.1.2 Innspel frå facebookgruppe

I tillegg til intervjuia etterlyste vi innspel og tankar frå folk på facebookgruppa Biðumsámeigiella. Det optimale for arbeidet med utgreiinga hadde vore om det slik hadde komme i gang ein større diskusjon om framtida for pitesamisk. Men ein slik diskusjon oppstod ikkje.

Derimot var det ein del medlemmer av gruppa som tok kontakt direkte via e-post der dei presenterte tankar, synspunkt og røynsler som dei hadde. Dette er her den andre kjelda til folks eige syn på stoda.

10.1.3 Sametingsseminar i Luleå i november 2019

Den tredje kjelda til språkbrukarar og eldsjeler sitt syn, var eit seminar som ikkje var initiert av arbeidet med denne utgreiinga.

Tre månader før arbeidet med utgreiinga kom i gang, arrangerte Sametinget i Sverige eit seminar i Luleå der mellom andre ti personar som arbeider med og for pitesamisk språk, var samla. Frå det pitesamiske gruppearbeid i dette sametingsseminaret låg det føre eit grundig referat som vi har fått lov å bruke i denne utgreiinga.

Dette er ei svært viktig kjelde, særleg var seminarreferatet nyttige som grundig vurdering av den samfunnsmessige stoda for pitesamisk i dag, sidan denne vurderinga vart gjord av folk som var personleg involverte i det pitesamiske språkspørsmålet. Berre folk frå svensk side av grensa var representerte på seminaret i Luleå.

Referatet frå dette seminaret var ført i pennen av Ann-Charlotte Sjaggo.

10.2 Generelt inntrykk frå intervju og e-postveksling

I det innsamla materialet kom det fram at informantar på norsk og svensk side la vekt på litt ulike tilhøve, men ønsket om overføring av det pitesamiske språket til den unge generasjonen stod sterkt på både sider.

10.2.1 Norsk side

I intervju frå norsk side la informantane særleg stor vekt på oppbygginga av eigne pitesamisk institusjonar (Duoddara Ráfe og pitesamisk museum) og organisasjonar. Historia om organisasjonane går tilbake til 1980-talet og utviklinga har vore god, men ikkje god nok, vart det sagt.

Ein har på norsk side erfaringar med at faste strukturar gjer arbeidet for det pitesamiske meir målretta – og ikkje minst er slike strukturar bra for kontinuiteten i arbeidet. Dette har ein sett sidan ein i 2014 fekk ei fast heil stilling knytt til det pitesamiske senteret Duoddara Ráfe i Beiarn. Det lulesamiske senteret Árran på Drag i Hamarøy kommune, som pitesamane har samarbeidd ein del med, er eit slags ideal her. Det er eit døme på kva som er mogleg å få til.

Styret og den tilsette i Duoddara Ráfe er den viktigaste ressursen for pitesamisk på norsk side, vart det sagt. Mesta alt som har med pitesamisk i Noreg å gjera, er innom der. Det er interesse for å gå vidare på institusjonsbygging, og særleg er det engasjement for eit pitesamisk museum på norsk side. Engasjementet for sjølve språket er meir dempa her enn på svensk side, sidan det på norsk side ikkje lenger finst nokon som snakkar pitesamisk i ein ubroten tradisjon. Det blir likevel peika på at det er interesse for språket, og at det på norsk side finst foreldre som ønskjer at barna deira skal lære det. Det endelege målet er at det skal vera mogleg å «ta språket tilbake», vart det lagt vekt på.

Dert har vore grenseoverskridande språksamarbeid mellom pitesamar på norsk og svensk side. Det finst ei sterk tru på at eit meir kontinuerleg og formalisert samarbeid ville vera bra for framtida for språket også på norsk side, vart det sagt.

Éin informant la vekt på at dei som kjenner seg sjølve som pitesamar, ikkje nødvendigvis bur i det som til vanlege blir kalla det pitesamiske området. Urbaniseringa har endra på busetjingsmønsteret. Dessutan finst det andre enn pitesamar som har lært seg språket og som heller ikkje bur i dette området. Dette er noko som det i framtida må takast meir høgde for enn det som er tilfellet i dag.

Elles var alle inne på at kjensler og (etnisk) identitet er svært viktige sider ved arbeidet for språket. Det er først og fremst her ein finn motivasjonen for å lære pitesamisk.

10.2.2 Svensk side

Dei som vart intervjua, la alle vekt på det store pitesamiske dokumentasjonsarbeidet som er gjort på svensk side. Her var Arjeplog sameforeining tidleg ute og initierte arbeidet, og koplinga med forskaren Joshua Wilbur har vore særskilt vellykket. Ut av dette arbeidet er det komme både ordbok (Joshua Wilbur), grammatikk (Ann-Charlotte Sjaggo, Joshua Wilbur) og ein ordboksapp (Olve Utne) som er i stadig utvikling. Gjennom alle desse prosjekta er språket vorte meir omtala og meir synleg enn før, og språkbrukarane sjølve er vortne meir engasjerte.

Alle informantane såg på dette dokumentasjonsarbeidet som ein svært vellukka prosess, sjølv om det enno står mykje att å gjera.

Miljøa i Arjeplog og Arvidsjaur har vore ei sterk støtte for språket så langt. Særleg har sameforeininga i Arvidsjaur har vore viktig. Arjeplog har dessutan ein kommunalt tilsett som arbeider med samisk, og dette er ein styrke.

Språkstøtta frå sameforeininga og frå dei to kommunane vart dregen fram som ein positiv faktor for språket.

I Umeå kommune har arbeidet for pitesamisk vore vanskelegare enn i dei to nemnde kommunane fordi Umeå skal ta seg av fleire nasjonale minoritetsspråk, og då blir innsatsen meir spreidd. Arvidsjaur og Arjeplog kommunar kan konsentrere seg om det samiske

Alle sa at det var ønskeleg at det pitesamiske dokumentasjons- og innsamlingsarbeidet skal halde fram. Men som éin av dei la til:

«Det blir mykje tale *om* språket, snart må vi komma dit at vi på individnivå i større grad brukar språket. Vi må motivere til dette!»

For å komma dit må ein satse meir på språkkurs, vart det sagt. Eit problem her er at det er relativt få som kan undervise på slike kurs. Dette må det gjerast noko med før ein kan begynne ei meir omfemnande opplæring.

Arbeidet for umesamisk vart drege fram som eit ideal for pitesamisk når det gjeld å skapa nye talarar gjennom opplæring. Umesamisk har òg få menneskelege ressursar, men dei har satsa mykje på å rekruttere nye talarar, vart det sagt. Og ein har lukkast. Frå miljøet rundt nokre få eldsjeler har det oppstått eit miljø av «nytalarar» av umesamisk i større grad enn det som har skjedd i det pitesamiske miljøet, sa ein informant. Det finst ingen tal for dette.

10.3 Konkrete forslag til tiltak frå det pitesamiske miljøet

Dei forslaga som er lista opp under, er henta frå dei telefon-intervjuja, den e-postkorrespondanse og det seminaret som er nemnt ovanfor.

10.3.1 Pitesamisk språkopplæring

Opplæring i pitesamisk er det som mest direkte har innverknad på talet på språkbrukarar. I materialet kom desse forslaga fram:

«Det må setjast i gang pitesamisk språkbad for skulebarn, også for dei som på svensk side bur utanfor dei kommunane som har avtale med Sameskolestyrelsen»

«Det må etablerast fjernundervisning i pitesamisk»

«Det må setjast i gang kurs i pitesamisk på mange nivå, og for mange yrkesgrupper, som til dømes for førskolelærarar, grunnskulelærarar og lærarar på vidaregåande skular.»

«Folk som allereie har god munnleg kompetanse, må få opplæring slik at dei kan undervise andre i pitesamisk.»

«Universiteta i Bodø og Umeå må gje studietilbod i pitesamisk.»

«Det må tilsetjast ein pitesamisk språkmedarbeidar i full stilling på norsk side, knytt til Duoddara Ráfe i Beiarn.»


10.3.2 Læremiddel på og i pitesamisk

Det er vanskeleg å drive opplæring utan læremiddel. Her kom desse ønska fram:

«Dei ordboksressursane som finst både på papir og som app, må utvidast og utviklast vidare.»

«Det må lagast pitesamiske mobilappar spesielt tilpassa barn og ungdom.»

«Meir barnelitteratur må omsetjast til pitesamisk.»



«Songar, salmar og religiøse tekstar må omsetjast til pitesamisk.»

«Ein må satse på å gje ut lydbøker på pitesamisk.»

«Gammalt innsamla tradisjonsmateriale som finst i arkiva, bør transkriberast til gjeldande pitesamisk rettskriving og dessutan omsetjast til svensk/ norsk.»

«Det må utviklast lett tilgjengeleg pitesamisk lyd- og videomateriell for både barn og vaksne.»

«Det må utviklast pitesamiske læremiddel for folk i alle aldrar.»

«Den pitesamiske ordboka må utviklast slik at ho kan gå frå svensk til pitesamisk, no finst ho berre med pitesamiske oppslagsord omsette til svensk.»

10.3.3 Synleggjering

Synleggjering av språket er viktig for respekten for pitesamisk. Synleggjering fremjar òg læring.

«Pitesamiske stadnamn må bli brukte på kart og vegskilt.»

«Stadnamnlova må endrast, slik at pitesamiske stadnamn kan synleggjerast.»

«Det må setjast i gang offensive kampanjar, og det må gjerast utspel for til dømes skilting på pitesamisk for varer i matbutikkane.»



10.3.4 Nye pitesamiskspråklege domene

Det er ein vanske for språklæringa at pitesamisk i dag har så få naturlege domene. Dette kan til ein viss grad kompenserast med å etablere nye domene:

«Ein må etablere gode arenaer der folk kan bruke språket munnleg.»

«Det må etablerast giellakaffea/Språkkafé/Språktreff der ein kan drikke kaffi og prate pitesamisk.»

«Det nå arrangerast pitesamiske forteljarstunder – der til dømes eldre kan fortelja for kvarandre og der ungdommar kan få møte eldre forteljarar.»

«Språkkampanje med ungdommar er viktig.»

«Aktivitetstrøff for eldre samar, kan arrangerast.»

«Det må etablerast eit pitesamisk språksentrum i Arjeplog med utoverretta verksemnd, kafé m.m.»

«Det må setjast i gang eit mentorprogram der talarar av pitesamisk er mentorar for dei som vil lære seg språket..»

«Det trengst giellabiesse/språkbad for alle aldersgrupper.»

«Ein kan arrangere eigne aktivitetar som kan kombinerast med læring av pitesamisk t.d. skutersafari.»

10.3.5 Institusjonelt arbeid

Språklæring er ikkje berre individet sitt ansvar. Samfunnet rundt må også legge til rette for at situasjonen for språket skal bli betre.

«Det bør gjevast kurs i pitesamisk gjennom allereie etablerte strukturar som til dømes e-skuvla.»

«Kommunar må samarbeide om kurs og om andre måtar å styrke pitesamisk på, til dømes gjennom barnehage og skule. «

«Samarbeidet om språket må styrkast og samordnast slik at både sameforeiningar, kommunar og fylke på begge sider av riksgrensa kan vera med.»

«Ein må få til ein tydeleg formulert kommunal strategi og ambisjon for korleis ein skal bevara og utvikle pitesamisk i Arjeplog kommune.»

«Det bør etablerast eit pitesamisk sentrum, eventuelt to sentra - eitt i Noreg og eitt i Sverige (Arjeplog og Fauske?)»

«Ein kunne initiere eit pitesamisk sommarinstitutt der ein kunne samle akademikarar og andre interesserte og drive forsking og utviklingsarbeid.»

«Det bør etablerast eit pitesamisk kontor ved universitetet i Umeå.»

«Sametinget må oppdatere heimesidene sine med opplysningar om pitesamisk materiale, lenkjer til innspelingar, språkdatabasar osv.»

10.3.6 Strategiske forslag

«Det må lagast ein tydeleg fordelingsplan av oppgåver og økonomisk ansvar for ulike instansar som kan arbeide med pitesamisk.»

«Sameting og stat må gjera det tydelegare at språklege revitaliseringstiltak også skal femne om pitesamisk.»

«Pitesamane må samarbeide gjennom blant andre sameforeininga i Arjeplog og «Samiska samrådsgruppen» i Arjeplog med foreininga Álgguogåhtie/umesamiska.nu.»

«Pitesamane sjølve må gjennom foreininga Pitesamiska över landsgränsen/Bidumsámeigiella ríkkagaskan fremja krav og gjennomføre revitaliseringstiltak..»

«Det må gjevast stipend til folk som vil utdanne seg innanfor pitesamisk, gjerne stipend med forpliktingar/ kontraktar.»

«Det offentlege må øyremerke pengar til pitesamiskspråklege revitaliseringstiltak.»

«Organisert samarbeid med aktørar på norsk og svensk side.»

«Det må skapast lett tilgang till tolkar og omsetjarar frå/til pitesamisk.»

10.3.7 Prioriterte forslag

Det før omtala seminaret i Luleå i 2019, sette opp ei liste over åtte tiltak som dei pitesamiske deltakarane der meinte måtte prioriterast. Denne lista såg (i stikkords form) slik ut:

Studiesirklar i pitesamisk

Pitesamisk mentorprogram

Pitesamisk lærarutdanning

App, innspelingar, uttale, ord

Ungdomsverksemd

Barn- og ungdomslitteratur på pitesamisk

Pitesamisk litteratur for vaksne

Utvide pitesamisk ordbok til også å gå fra svensk til pitesamisk, ikkje berre frå pitesamisk til svensk slik som no..

10.4 Konkluderande merknader

Lista over ønske frå det pitesamiske miljøet med forslag tiltak er lang og konkret, og denne lista gjev i seg sjølv eit godt bilet av situasjonen for språket i dag.

Noko av det som står på denne lista, er slikt som må løysast ved frivillig arbeid i det pitesamiske miljøet. Andre punkt på lista er for detaljerte til at Sametinget skal ta stilling til det i ei utgreiing, slik som pengeløyvingar til einskilttiltak i framtida. Her skal vi heller sjå på kva som er felles for dei ønska som kom fram, for så å komma tilbake til lista over ønska i eit eige tiltakskapittel til slutt.

Det som ligg bak dei fleste av framlegga på lista, er at dei skal vera med på å gjera det lettare å tilegne seg pitesamisk språk i framtida. Det finst eit samlande ønske her om at flest mogleg skal lære seg språket – og aller helst skal barn og unge gjera det. Difor må det på mange nivå byggast opp ein infrastruktur som gjer pitesamisk språklæring mogleg.

11 Kan pitesamisk revitaliseraast på norsk side?

Fram til no har denne utgreiinga teke føre seg dei strukturelle tilhøva for pitesamisk språk og dessutan sett på kva tankar dei involverte sjølve har om situasjonen. Tilhøva på svensk side har heile tida vore med i desse drøftingane fordi det er naturleg å analysere det pitesamiske området under eitt.

Framtidige tiltak på svensk og norsk side må samordnast.

Sametinget i Noreg har likevel først og fremst ansvar for det som skjer på norsk side av grensa, og eit naturleg spørsmål for Sametinget blir om revitalisering av pitesamisk er mogleg på norsk side.

Svaret på det dette spørsmålet vil variere etter kva ein legg i termen «revitalisering». To ulike definisjonar er vanlege: 1) Med «revitalisering» kan meinast all styrking av eit truga språk og av ein truga kultur. Eller 2) ved «revitalisering» kan meinast det som den amerikanske sosiolingvisten Joshua Fishman kalla «vending av språkskifte». I det ligg at det allereie har gått føre seg eit språkskifte i familiane frå minoritetsspråk til majoritetsspråk, og at ein no vil ta minoritetsspråket tilbake.

Begge desse forståingane av kva revitalisering betyr, kjem fram i intervjua som er gjorde til denne utgreiinga. Det er likevel tale om to ulike prosessar som krev ulike tiltak.

11.1 Revitalisering som generell styrking av pitesamisk språk og kultur

Den første definisjonen av revitalisering («styrking av truga språk og kultur») inneber i vårt tilfelle arbeid for å synleggjera pitesamisk språk i form av offentleg og privat skilting, vedta pitesamisk namn på kommunar og institusjonar, registrere pitesamiske stadnamn for framtidig bruk (til dømes på kart). Vidare kan denne typen bruk innebera symbolsk bruk av språket slik som pitesamiske helsingar i offentlege samanhengar, bruk av pitesamisk i delar av liturgien i kyrkja og liknande. Tilbod om kurs for dei som ønskjer å vita meir om språket, er òg viktig her.

Slik synleggjering vil gjera folk meir medvitne om den pitesamiske historia på norsk side av grensa.

Skulen har òg eit klårt ansvar her og må formidle korrekt informasjon om samisk kultur, historie og språk i det pitesamiske området. Pitesamisk museum går inn som ein del av dokumentasjonen av det pitesamiske.

Dei typane aktivitetar for pitesamisk revitalisering som er nemnde ovanfor, kan vi i dag finne i det samiske miljøet på norsk side av grensa.

Det er ei opplagd oppgåve for Sametinget i Noreg å støtte dei tiltaka som her er sette i gang for å synleggjera og vidareutvikle det pitesamiske i Nordland.

11.2 Revitalisering som vending av det pitesamiske språkskiftet i familiane

Revitalisering i form av «vending av språkskifte» i familiane er ein annan type prosess enn den som er skildra ovanfor. Ein revitaliseringsprosess der folk tek det tradisjonelle språket tilbake, er alltid svært langstiktig. Og det krev motiverte familiemedlemmar. Det krev også at barn får høve til å utvikle språket utanfor heimen. Her kjem barnehagen og skulen inn som særleg viktige faktorar.

For barn som kjem frå norskspråklege heimar og skal lære seg å snakke pitesamisk godt ved hjelp av skuleverket, må ein ha ein språkleg femtenårsplan frå dei begynner i barnehagen til dei går ut ungdomsskulen. Dette krev òg ei eller anna form for sterkt tospråkleg opplæringsmodell. Om sterke tospråklege opplæringsmodellar, sjå kapittel 12 nedanfor

Dette betyr ikkje at pitesamisk språk i seg sjølv er spesielt vanskeleg å lære for barn og vaksne. Det er ikkje språket, men *språksituasjonen*, som gjer at det krevst stor eigeninnsats i heimen og sterkt tospråkleg opplæringsmodell på skulen. På norsk side av grensa finst det i dag ingen som kan snakke pitesamisk på tilnærma innfødd nivå. Språkskiftet frå pitesamisk til norsk i familiane skjedde her for to generasjonar sidan. Barna vil difor vanlegvis ikkje ha nokon å snakke språket spontant med i uformelle situasjonar.

Medan det på norsk side av grensa i dag går føre seg ein heil del viktig aktivitet i samband med styrking av pitesamisk språk- og kulturkunnskap (sjå kapittel 11.1 ovanfor), er det ingen frivillig aktivitet for vending av språkskiftet i familiane

På svensk side av grensa er det meir slik aktivitet.

Det finst svært få døme på vellykka vending av språkskifte i språksamfunn som er så svake som det pitesamiske. Men det finst.

11.3 Samanlikning med revitalisering andre sterkt truga språk

Anikka Pasanen har skrive ein fagartikkel om språkleg revitalisering som ho har kalla "This work is not for pessimists" Tittelen på artikkelen («Dette arbeidet er ikkje for pessimistar») er eit sitat frå Matti Morottaja i Enare.³⁴ Morottaja har over fleire tiår lagt ned eit stort arbeid for å revitalisere det samiske språket som tradisjonelt har vorte snakka rundt Enaresjøen på finsk side av Sápmi.

³⁴ Her henta frå artikkelen Pasanen, Annika (2018): "This Work is Not for Pessimists" I L. Hinton, L. Huss, & G. Roche (Eds.): *The Routledge Handbook on Language Revitalization*

Pessimismen som Pasanen og Morottaja refererer til, har dei møtt i rik monn, likevel må revitaliseringa av enaresamisk i dag kallast vellykka.

11.3.1 Teori og samanlikning

Det finst ingen enkle svar på korleis ein kan revitalisere språk med så få talarar som det pitesamisk har i dag, og det finst få døme på at det har lykkast.

Det er utarbeidd modellar for korleis ein kan vurdere kor truga eit truga språk er, sjå til dømes om UNESCO sin skala i kapittel 6.1 ovanfor, og det finst typologiar som set ord på kva som er typisk for dei ulike situasjonane i ein språkskifteprosess og i ein revitaliseringsprosess til dømes i klassikaren *Reversing Language Shift* av Joshua Fishman³⁵, og det finst utarbeidd skjema for modellar for tospråkleg opplæring med truga minoritetsspråk³⁶. Desse modellane det er gjort meir nøyne greie for i kapittel 12 nedanfor.

I denne situasjonen med relativt lite teori å støtte seg til, blir løysinga ofte å studere kva andre truga språksamfunn heilt konkret har fått til av revitalisering. I vårt tilfelle må ein då først og fremst samanlikne med andre språk som er i ein situasjon som minner om den pitesamiske. I Europa er det iallfall to døme som peikar seg ut som overførbare til pitesamiske tilhøve: revitaliseringa av enaresamisk i Finland og revitaliseringa av det keltiske språket mansk på øya Man i Irskesjøen.

Arbeidet for å styrke enaresamisk språk har ført til gode resultat. Utgangspunktet for enaresamisk var noko betre enn for pitesamisk fordi enaresamisk hadde fleire tradisjonelle talarar og ei meir konsentrert busetjing på den tida revitaliseringa starta. Men det var uansett tale om svært få talarar, og dei aller fleste talarane var eldre folk. I dag er framtidsutsiktene for enaresamisk langt lysare enn for tretti år sidan, og det er ei større gruppe både vaksne, barn og ungdommar som brukar språket.

Det andre dømet på ei relativt vellukka revitalisering, er revitaliseringa av det keltiske språket mansk på øya Man i Irskesjøen. Her var utgangspunktet for revitaliseringa på éin måte *dårlegare* enn for pitesamisk fordi den siste som hadde lært mansk på tradisjonelt vis i barndommen, døydde over 90 år gammal allereie i 1974.

I dag er det likevel ei heil gruppe unge som kan snakke mansk.

11.3.2 Språket mansk som døme

Mansk var det dominerande språket blant vanleg folk på øya Man til ut på 1800-talet. Overklassen brukte engelsk. Det er svært stor språkleg forskjell på det keltiske språket mansk på den eine sida og engelsk på den andre, slik det òg er stor skilnad på pitesamisk på den eine sida og svensk og norsk

³⁵ Fishman, Joshua (1991): *Reversing Language Shift*. Multilingual Matters.

³⁶ Baker, Colin (2017) *Foundations of Bilingual Education*. Multilingual Matters.

på den andre. Engelsk var dessutan då som no eit høgstatusspråk, medan alle dei keltiske språka på dei britiske øyane var lågstatusspråk.

Parallelen til samiske språk i Noreg og Sverige treng inga nærmere forklaring.

På 1800-talet tok eit språkskifte til, det ville i praksis seia at vanleg folk etter kvart skifta heimespråk frå mansk til engelsk. I 1871 var det i følgje folketeljing berre 25% av folket på øya som snakka mansk.

«Ute på landsbygda kan ein finne tre generasjonar i det same huset, der den eldste generasjonen snakkar berre mansk, medan generasjonen i midten snakkar både engelsk og mansk, og barna berre engelsk.»³⁷

Parallelen til pitesamisk er klår her òg. Dessutan finst det ein annan parallel som må nemnast. Det finst andre keltiske språk som ligg nær opp til mansk, nemleg irsk slik det vart snakka i Nord-Irland og til dels òg gælisk slik det blir snakka i Skottland. Men mansk har si eiga rettskriving ulik dei to andre nemnde språka. Dette er òg ein paralell til pitesamiske språktilhøve.

I 1974, døydde den over 90 år gamle Ned Maddrell som var den siste som hadde lært å snakke mansk på tradisjonelt vis i barndommen. «Med Ned Madrell gjekk innfødd mansk tale over i historia», skrev språkforskaren Georg Broderick i 1999³⁸. Men språket mansk forsvann likevel ikkje.

Sjølv om den siste «innfødde talaren» var død, fanst det framleis interesserte folk (eldsjeler) som sjølve hadde lært seg språket som vaksne medan det enno levde innfødde talarar å lære av. Forskaren Jennifer Draskau kallar denne nye gruppa mansktalande «nær innfødde talarar» sidan dei ofte meistra språket godt på så mange nivå.³⁹

Seinare har mange nye talarar også lært seg mansk ved å gå på organiserte kurs hos desse «nær innfødde talarane». Vi kan kalle den gruppa som har lært språket på kurs, for «nytalarar» av mansk.

Denne tredelinga av talarane går det an å kjenne att i det pitesamiske området òg. Vi har (1) «innfødde talarar» som på tradisjonelt vis har lært språket som barn heime av andre innfødde talarar, (2) «nær innfødde talarar» som har lært språket av innfødde talarar som vaksne og (3) «Nytalarar» som lærer språket på kurs.

³⁷ Mi omsetjing til norsk etter artikkelen: Clague, Marie (2009): “Manx Language Revitalization and Immersion Education” *I e-Keltoi. Journal for interdisciplinary Celtic Studies.* Volum 2: Cultural Survival.

³⁸ Broderick, George (1999): *Language death in the Isle of Man: an investigation into the decline and extinction of Manx Gaelic as a community language in the Isle of Man.* Tübingen: Niemeyer.

³⁹ Todal, Jon (2008). “Når er eit språk forsvunne? Kritiske merknader til språkdødmetaforen.” I: (red.) Lars-Gunnar Larsson og Torbjörn Söder, *Váimmus čiegan sániid - I hjärtat gömmer jag orden.* Uppsala: Institutionen för moderna språk, Uppsala universitet. (s. 124-130).

Når dei siste «innfødde talarane» kjem bort, vil det difor vera andre talarar igjen som har lært seg språket av dei «innfødde talarane» og dei er blitt «nær innfødde talarar», nokon av desse held organiserte kurs og skaper pitesamiske «nytalarar». Slik går det ei ubroten line i den pitesamiske språkhistoria så vel som i den enaresamiske og manske.

For mansk sin del har dette vorte uttrykt slik:

The Manx language has no body of native speakers but it has, nonetheless, continued to be a spoken language. In that sense, the link from last native speakers to the present day remains unbroken.⁴⁰

Det mest interessante i vår samanheng er den konkrete innsatsen som er gjort for at det igjen skal vekse opp barn som kan snakke mansk. Dei som brann for språket, starta med å organisere leikegrupper for barn under skulealder der barna gjennom songar og leiker skulle bli introduserte for mansk. Målet var i utgangspunktet ikkje å gjera barna tospråklege, men at dei skulle bli kjende med språket for sidan å kunne lære det på skulen. Mansk var frivillig skulefag på øya.

Rundt år 2000 kom det i gang ein mansk-språkleg skule som arbeidde etter språkbadsmodellen (sjå kap.12 om modellar). På denne skulen var ikkje mansk eit frivillig fag, og foreldra som frivillig sende barna sine til denne skulen, godtok den sterke opplæringsmodellen – at mansk vart brukt i dei fleste fag. Denne skulen har vore i gang sidan og har til no oppnådd gode resultat.



Bunscoil Ghaelgagh - den mansk-språklege grunnskulen.

⁴⁰ Clague, Marie (2009): “Manx Language Revitalization and Immersion Education” *I e-Keltoi. Journal for interdisciplinary Celtic Studies.* Volum 2: Cultural Survival.

Rekna i tal på innfødde talarar, var mansk i ein vanskelegare situasjon enn pitesamisk rundt tusenårsskiftet. I dag finst det ei gruppe barn og unge som snakkar mansk godt. Etablering av skulen på Øya Man, skjedde om lag samstundes med oppstarten av ein sør-samiskspråkleg barnehage i Elgå i Noreg. Eit par år var det eit visst samarbeid og utveksling av erfaringar mellom desse to miljøa.

11.3.3 Enaresamisk som døme

Rundt Enaresjøen i Finland har det tradisjonelt vore snakka eit eige samisk språk, ulikt både nordsamisk og skoltesamisk. Her opplevde ein lenge språkskifte og nedgang i talet på talarar. På 1990-talet var dei aller fleste av talarane av enaresamisk over femti år.

I 1997 vart det etablert ein enaresamiskspråkleg barnehage -etter språkreirmodellen. Barna som begynte der, kunne i utgangspunktet ikkje enaresamisk, men dei lærte det fordi dei tilsette i barnehagen konsekvent snakka språket til dei og med dei.

Samtidig starta Samisk utdanningssenter i Enare opp eit heilårig heiltidstilbod i enaresamisk for vaksne nybegynnara.

Sidan 1990-talet har det komme til to nye språkreirbarnehagar med enaresamisk, slik at det no er tre i alt. 24 barn følgjer eit slikt barnehageopplegg. Det er dessutan starta opp enaresamiskspråklege klassar i grunnskulen, og opplæringstilbodet for vaksne har vore gjennomført fleire gonger.

Alt dette har ført til at talet på enaresamiskspråklege personar i dag er på over 500, og språket er langt mindre truga enn før. Det spesielle her er at ein så stor del av talarane no er unge folk.

11.4 Konkluderande merknader

På norsk side av grensa er det ei interesse for revitalisering av pitesamisk språk, og det er gjort eit godt arbeid for å styrke det samiske kulturmedvitet i området. Men for å nå eit mål om vending av språkskifte i familiene, er lite gjort til no, og nettopp på det området trengst det eit sterkt lokalt engasjement før ein kan setja i gang tiltak.

Felles for mansk og enaresamisk sine vellykkja revitaliseringstiltak var at det over lang tid har funnest ei hard kjerne av eldsjeler som målmedvite har arbeidd for språket – og der «den harde kjerne» sjølv lærte seg, språket

Begge dei nemnde stadene vart det satsa på å få opp talet på vaksne talarar ved hjelp av kurs og mentorordningar der det i praksis går ei line frå dei «innfødde talararane» til ei større gruppe «nytalarar.» Eit anna viktig fellestrekke er at det er etablert *langsiktige* opplæringsløp frå og med barnehage via barneskule til og med ungdomsskule der målet er tospråklegheit ved endt løp.

For barn har det både på Man og i Enare vore tale om sterke tospråklege opplæringsmodellar i Colin Baker si meinings av ordet, modellen har begge stader vore «fullt språkbad» (sjå kapittel 12 nedanfor).

Det siste og viktigaste trekket som er felles for mansk og enaresamisk, er at revitaliseringa stort sett har vore vellukka.

Historia om enaresamisk og mansk viser at språkleg revitalisering er mogleg med eit utgangspunkt som i mangt liknar det pitesamiske. Det er nærliggande å tru at eit visst praktisk og teoretisk samarbeid mellom det pitesamiske miljøet og dei to andre språksamfunna som det handlar om her, kunne vera nyttig i framtida. Det kan skje når nok pitesamiske familiar har samla seg om eit konkret prosjekt om språkleg revitalisering i meinings «vending av språkskifte».

12 Samiskopplæringa: Sterke og svake modellar

Termane «sterke» og «svake» tospråklege opplæringsmodellar er henta frå Colin Baker si bok *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. Denne boka er kommen ut i mange utgåver gjennom mange år, siste gong i 2017. Boka kan reknast som ei vitskapleg fundert grunnbok for undervisning i minoritetsspråk. Baker er professor ved universitetet i Bangor i Nord-Wales.

12.1 Ulike vilkår for minoritetsspråk og majoritetsspråk

Eit utgangspunkt for heile tenkinga er at det å gje opplæring i minoritetsspråk krev andre tilnærningsmåtar enn det å gje opplæring i majoritetsspråk. Dette gjeld både når minoritetsspråket er førstespråk og når det er andrespråk for eleven. Eit slikt utgangspunkt samsvarar godt med erfaringar fra samiskopplæringa, både innanfor og utanfor kjerneområda for samisk språk. Å formidle samisk som første- og andrespråk, er ulikt det å formidle norsk som første- og andrespråk fordi vilkåra for språka samisk og norsk er svært ulike utanfor barnehagen og skulen. I storsamfunnet blir norsk gjennomgåande sett på som meir viktig enn samisk, og gjennom både gamle og nye media møter alle barn langt meir norsk (og engelsk) enn samisk.

Colin Baker har systematisert korleis tospråkleg opplæring på ulike måtar er organisert for minoritetsspråk rundt om i verda. Med «tospråkleg opplæring» meiner han all skuleopplæring der to språk er involverte, og der minoritetsspråk er eitt av dei to.

Baker deler dei organisasjonsmodellane som han finn, i to hovudgrupper. Han kallar dei to gruppene «sterke» og «svake» modellar. Ei vanlege erfaring med dei sterke modellane er at elevane som følgjer dei, har stor sjanse til å bli aktivt tospråklege, medan erfaringa med dei svake modellane er at elevane har små sjansar til å bli aktivt tospråklege.

Alt kan ikkje forklarast ved hjelp av slike enkle modellar, men modelltenkinga ser ut til å vera ein viktige reiskap til å forstå kva som verkar og ikkje verkar i minoritetsspråksopplæringa.

12.2 Kriterium for å bestemme ein modell.

Colin Baker brukar berre fire kriterium for å bestemme det han kallar ein modell: (1) elevkategori, (2) språket i klasserommet, (3) samfunnsmålet for opplæringa og (4) det språklege målet for opplæringa. Elevkategori er bestemt ut frå om eleven har minoritetsspråket eller majoritetsspråket som førstespråk. Kategori går altså ikkje på etnisitet, men på språk.

Kriterium 2, språket i klasserommet, er svært viktig for ein majoritetsspråkleg elev som skal lære minoritetsspråket. Det vil i vårt tilfelle seja språket i klasserommet er viktig når ein norskspråkleg (eller svenskspråkleg) pitesamisk elev skal lære minoritetsspråket pitesamisk

12.3 Baker si modelltenking brukt på pitesamisk

Dersom pitesamiske elevar i Noreg skulle få opplæring i etter den eksisterande modellen for samisk andrespråksopplæring, så ville det etter Baker si inndeling sjå slik ut (vi veit at alle pitesamiske elevar i Noreg er norskspråklege)

Figur1

Framandspråksmodellen			
Elevkategori	Språk i klasserommet	Samfunnsmål	Språkleg mål
Norskspråkleg elev	Norsk (eller svensk) med pitesamisk som eige fag	Pluralisme	Avgrensa tospråklegheit

Figur 1 skal lesast slik at den majoritetsspråklege eleven her får opplæringa si på sitt eige språk (majoritetsspråket), og at minoritetsspråket er eit eige fag. Samfunnet vil med dette støtte det tradisjonelle fleirspråklege og fleirkulturelle samfunnet (pluralisme), og det språklege målet er tospråklegheit - med ein viss aksept av at eleven kanskje ikkje blir like god i begge språk.

Framandspråksmodellen i figur 2 er ein mykje brukt modell i samiskopplæringa i Noreg. Ein norskspråkleg elev som skal lære samisk, får samisk som fag nokre timer for veka. Ut over det går undervisninga i alle andre skulefag på norsk. Opplæringa skal skapa gode haldningar, og eleven skal etter endt skulegang kunna bruke både samisk og norsk på eitt eller anna nivå.

Colin Baker kallar denne modellen «framandspråksmodellen.»

12.4 Ulike slags modellar

«Framandspråksmodellen» er namnet på éin av mange modellar som Colin Baker bestemmer på denne måten. Baker deler modellane inn i to typar, sterke og svake modellar alt etter kor eigna dei er til å gjera elevane tospråklege. Sei sterke modellane er godt eigna, dei svake modellane er dårlig eigna.

Colin Baker klassifiserer framandspråksmodellen som ein «svak» modell. Det er ei allmenn erfaring frå minoritetsspråklege samfunn at elevar har små sjansar til å bli tospråklege ved å følgje denne modellen. Modellen kan fungere bra for å lære dominante prestisjespråk, som til dømes engelsk som framandspråk, men modellen fungerer dårlig for å lære minoritetsspråk.

Erfaringane med framandspråkmodellen i samiskopplæringa i Sápmi er dei same som dei erfaringane Baker har funne i andre minoritetsspråklege samfunn. Framandspråksmodellen fører i liten grad til at elevane blir tospråklege. Hos oss vil det heilt konkret seia at dei norskspråklege elevane i liten grad lærer å snakke samisk.

12.5 Fullstendig og delvis språkbadsmodell

Ein av dei sterke modellane hos Baker, er «fullstendig språkbadsmodell». I pitesamisk samanheng ville denne modellen sjå slik ut:

Figur 2

Fullstendig språkbadsmodell			
Elevkategori	Språk i klasserommet	Samfunnsmål	Språkleg mål
Norskspråkleg	Pitesamisk, med norsk (eller svensk) som eige fag	Pluralisme	Tospråklegheit

Modellen i figur 2 er den ideelle for språk som står så svakt ute i samfunnet som det pitesamisk gjer – dersom målet er tospråklegheit med høg kompetanse i pitesamisk.

Det er i dag temmeleg urealistisk å gjennomføre ein slik modell for pitesamisk sin del. Alt for mykje av infrastrukturen manglar, og det finst heller ikkje lærarar nok til å kunna gjennomføre dette.

Men sjølv om «fullstendig språkbad» synest urealistisk, går det an å tenkje i desse banane likevel. Skulen kan planlegge slik at elevane møter pitesamisk på skulen meir enn akkurat språktimane. Colin Baker kallar ein slik modell «delvis språkbadsmodell», og han plasserer modellen under «sterke modellar».

Delvis språkbadsmodell vart gjennom mange år, og med godt resultat, brukt i sør-samiskopplæringa for elevar i Elgå på norsk side av grensa. Det finst ein 170 siders tilgjengeleg rapport som handlar om dei fem første åra av opplæringa i Elgå.⁴¹

12.6 Konkluderande merknader

Internasjonal erfaring tilseier at det er vanskeleg å lykkast med opplæring i truga innfødde minoritetsspråk utan å nytte seg av ei eller anna form for språkbadsmodell – dersom målet er å få fleire aktive talarar.

Dette er viktig kunnskap for dei som skal planlegge framtidig opplæring i pitesamisk.

⁴¹ Todal, Jon (2007): *Samisk språk i Svahken Sijte. Sør-samisk vitalisering gjennom barnehage og skule*. Dieđut 1. Sámi allaskuvla.

13 Framlegg til strategi og tiltak for å fremja pitesamisk språk

Det langsigke målet for det pitesamisk språkarbeidet er å skape fleire språkbrukarar i framtida. Dette betyr i praksis stor personleg formidlingsinnsats frå dei som i dag kan språket på eitt eller anna nivå. Det beste vernet for eit minoritetsspråk er alltid naturleg overføring av språket mellom generasjonane i familien, men på norsk side av grensa er denne naturlege overføringslina broten for pitesamisk sin del. Skal pitesamisk brukast her i framtida, må språket revitaliserast, og ei slik revitalisering er heilt avhengig av språkleg støtte også utanfor familien.

13.1 Strategi

Strategien fram mot målet kan delast i tre (1) endre lovene (2) etablere pitesamisk som skulefag på alle nivå (3) innføring av sterkt opplæringsmodell i skuleverket.

13.1.1 Lovendring og etablering av pitesamisk som fag

Særleg barnehage og skule kan i framtida mobiliserast som støtte for ei pitesamisk revitalisering. For å få til det, må ein først påverke styresmaktene til å endre lovverket slik at pitesamisk blir likestilt med dei andre samiske språka i Noreg. Slik kan elevar som skal lære pitesamisk, bli garantert eit visst lovpålagt tal med skuletimar i språket for veka.

Dette vil i seg sjølv bety ein stor framgang samanlikna med dagens tilhøve.

13.1.2 Val av opplæringsmodell

Pitesamisk språk står svært svakt i samfunnet. Språkundervisning isolert til nokre få timer i veka på skulen vil difor ikkje vera nok til at elevane blir aktive språkbrukarar. Skal ein revitalisere pitesamisk med tanke på vending av språkskifte i familiane, kjem ein ikkje utanom ei eller anna form for språkbadsmodell i opplæringa, altså ein modell som er sterkare enn den ein i dag får ved andrespråksundervisning etter lovas minimum (om sterke og svake modellar, sjå kapittel 12).

Slik språktilhøva er på norsk side i dag, er det mest realistisk å starte skuleopplæring i pitesamisk etter dei modellane som er mest vanlege for samisk som andrespråk i Noreg. Opplæring etter ein slik svak modell (framandspråkmodell) vil bety ei stor forbeting i høve til i dag då ingen elevar får organisert opplæring i pitesamisk.

Sterkt tospråkleg modell er eit langsigkt mål.

13.1.3 Etnisitet eller geografi som strategi?

Eit viktig strategisk spørsmål er kven det er som skal få opplæring i pitesamisk. Skal ein satse individuelt på etniske samar med slektsrøter frå det pitesamiske området, same kvar dei måtte bu i dag. Eller skal ein satse på opplæring av flest mogleg innanfor det geografisk definerte pitesamiske området – uavhengig av etnisitet.

Val av strategi her kan ha praktiske konsekvensar. Ved å tenkje individ og etnisitet, vil den beste løysinga kunna bli fjernundervisning til nokre elevar på Fauske og Arjeplog, éin elev i Trondheim, éin i Stockholm osv, og så la dei møtast til intensiv felles opplæring nokre gonger i året.

Ved å tenkje samfunn og geografi i staden for etnisitet vil løysinga kunna bli å samle ei størst mogleg elevgruppe til pitesamiskopplæringa på Fauske (eventuelt i Beiarn eller Bodø) og ei anna størst mogleg gruppe i Arjeplog (eventuelt i Umeå) – uavhengig av elevane sin etniske bakgrunn, og så gje desse elevane så intensiv pitesamisk språkstimulans som mogleg.

Både det enaresamiske og det manske språksamfunnet har valt den siste løysinga (sjå kapittel 11.3 ovanfor). Ein satsar der intensivt på språket innanfor det tradisjonelle geografiske området utan tanke på elevane sin familiebakgrunn. Slik har dei skapt eit større miljø der språka kan brukast.

Sørsamane har stort sett valt den første løysinga. Elevane får grunnleggande undervisning der dei er, sjølv om der berre er éin elev. Ein organiserer god fjernundervisning og samlar elevane regelmessig til språkbad og liknande. Identiteten som sørsame er her den sterkeste motivasjonen for å lære språket, ikkje geografisk tilknyting til det sørsamiske området.

Dersom urbaniseringa av samane held fram, vil slike strategiske val bli ganske presserande.

Valet mellom ein geografisk og etnisk strategi kan ha store betydning for språkarbeidet på lang sikt, men det betyr svært lite på kort sikt, fordi det i pitesamisk samanheng er så mykje grunnleggande infrastruktur som må på plass. Det meste manglar.

13.1.4 Ein nordlandskommune inn i forvaltningsområdet for samisk språk

For pitesamisk språk på norsk side av grensa ville det vera eit stort løft om det fanst ein kommune som tok spesielt ansvar for språket. Kommunar innanfor forvaltningsområdet for samisk språk har eit slikt ansvar.

Etter at staten sentralt oppretta forvaltningsområdet med seks nordsamiske kommunar, har det vore vanleg praksis har at nye kommunar på lokalt initiativ frivillig søker om å få slutte seg til forvaltningsområdet etter at kommunestyret har gjort vedtak om det. Initiativet til ein slik strategi må difor komma frå lokalt hald.

13.2 Tiltak

Forsлага til tiltak i denne lista står i prioritert rekkefølge i den forstand at dei mest *grunnleggande* tiltaka står først. Men prioriteringa gjeld ikkje tidspunkta for gjennomføring, ein kan godt arbeide med tiltak nr. 5 før tiltak nr. 1 er gjennomført.

13.2.1 Endring av Samelova

Slik Samelova er i dag, omtalar ho samisk språk i eintal, og dei ulike samiske språka er ikkje nemnde med namn i lova. Ved neste lovrevisjon må det komma fram at det finst fleire samiske språk, og dei må nemnast ved namn. Dette set ein standard også for anna lovgjeving som vedkjem samiske språk, slik som Opplæringslova og Stadhamnlova.

13.2.2 Endring av lov om opplæring

Opplæringslova må endrast slik at pitesamisk blir nemnt der på line med andre offisielle samiske språk. Då vil foreldre få eit lovgrunnlag for å krevja pitesamisk opplæring for barna sine.

Sametinget tek opp denne saka med norske styresmakter.

13.2.3 Endring av forskrift til folkeregisterlova

Forskrift til folkeregisterlva må endrast slik at kunnskapar i pitesamisk kan registrerast på line med kunnskapar i nord-, lule- og sør-samisk.

Sametinget tek opp denne saka med norske styresmakter.

13.2.4 Pitesamisk i den europeiske språkpakta

Noreg må definere pitesamisk språk som eit norsk region- eller minoritetsspråk som skal vernast av den europeiske språkpakta.

Sametinget tek opp denne saka med norske styresmakter

13.2.5 Rekruttering av nye vaksne talarar

- a) Det må etablerast eit system med kurs i pitesamisk for vaksne der studentane kan begynne på null og arbeide seg oppover til å meistre språket godt. Kursa kan vera knytte til ein institusjon som gjev formell kompetanse.

Sámi allaskuvla har eit slikt kurssystem med blant anna ferdig utarbeidde fagplanar for sørsamisk.

Sametinget ber Sámi allaskuvla ta kontakt med det pitesamiske miljøet på både sidene av grensa med sikte på å få i gang nødvendige kurs.

- b) I tillegg til ordinære kurs må det etablerast ei mentorordning for vaksne som vil lære pitesamisk. Gode andrespråkstalarar må også kunna brukast som mentorar for vaksne i tillegg til eventuelle aktuelle morsmålstalarar.

Det enaresamiske miljøet på finsk side har gode erfaringar med mentorordning

Sametinga på norsk og svensk side må samarbeide om å få i gang ei slik ordning.

13.2.6 Utdanning av lærarar i pitesamisk

Det må gjerast mogleg å studere pitesamisk på høgskule og universitetsnivå. Dette er ikkje mogleg i dag. Eit slikt språkstudium må finnast for å kunna skaffe formelt kvalifiserte lærarar i pitesamisk i framtida.

Sametinga i Noreg og Sverige må ta opp denne saka med dei universiteta og høgskulane som i dag tilbyr studium i samisk. Sametinget i Sverige har allereie teke opp saka med Universitetet i Umeå (sjå kapittel 7.2.5 ovanfor).

13.2.7 Utvikling av fjernundervisning i pitesamisk

Det må utviklast eit eige fjernundervisningstilbod i pitesamisk. Med få talarar av språket og store geografiske avstandar innanfor det pitesamiske området vil det alltid vera behov for ei eller anna form for fjernundervisning. Her er det mogleg å samarbeide med sørsamisk miljø som har mykje erfaring med dette.

Pitesamisk fjernundervisning må sjåast som ei nødvendig form for undervisning (ikkje som prosjekt) og difor betalast av skuleeigar.

Det same må gjelde eventuelle språkbadssamlingar for elevane.

Sametinga i Noreg og Sverige må gje tilskot til å etablere pitesamiske språkarenaer, der både vaksne og barn kan komma saman for å snakke samisk. Kombinasjonen fjernundervisning, lokale språkarenaer og større og meir sentraliserte språkbadssamlingar kan vera ei god løysing i den pitesamiske situasjonen.

13.2.8 Utvikling av pitesamiske læremiddel på alle nivå

Det trengst læremiddel for opplæringa i pitesamisk, og det må setjast i gang arbeid for å produsere og utvikle slike læremiddel. .

- a) *Nyskaping.* Det må lagast nye eigne læremiddel på grunnlag av den pitesamiske situasjonen. Det hastar særleg med å få ut ein enkel grammatikk til kurs- og skulebruk.
- b) *Tilrettelegging av eldre stoff.* Det er gjort mange nedskrifter og opptak av det munnlege språket gjennom tidene. Noko av dette stoffet bør leggast til rette for bruk i opplæring. Dette er eit ansvar for universitet og arkiv.
- c) *Omsetjing.* Potensialet for omsetjing er stort. Bøker kan omsetjast frå alle språk.

Når det gjeld omsetjing av barnebøker har fylkesbiblioteket i Trøndelag ei omfattande erfaring om det pitesamiske miljøet og kan få del i.

Lærebøker i lulesamisk kan vera nyttige som grunnlag for å laga lærebøker i pitesamisk.

Noko av det som er nemnt i punkta a, b, og c ovanfor, har eldsjeler allereie begynt med. Det er naturleg først å satse på dei arbeida (og dei arbeidarane) som allereie er i gang.

Pitesamisk læremiddelutvikling må komma inn under dei same finansieringsordningane som dei som gjeld for anna samisk læremiddelutvikling.

13.2.9 Utvikling av høvelege tospråklege opplæringsmodellar med pitesamisk

Dette tiltaket er både langsiktig og kortsiktig. Det kortsiktige er å få på plass fagplanar og rettleiingar for undervisning i pitesamisk i grunnskulen og å få i gang eit tilbod som inneheld pitesamisk språk i barnehagen..

Det langsiktige målet må vera å få på plass opplæring i pitesamisk etter ein eller annan sterk opplæringsmodell.

- a) Det må setjast i gang arbeid med å utvikle tospråklege opplæringsmodellar for grunnskulen, modellar som er tilpassa den pitesamiske situasjonen. I første omgang vil det vera ein stor framgang for pitesamisk i skuleverket i Noreg når det kjem i gang opplæring i pitesamisk som andrespråk etter det systemet som gjeld for andre samiske språk.
- b) Det må gjerast til ein foreldrerett å kunna velja ein *sterk* samisk opplæringsmodell for barn i skulen i Noreg. NOU –*Hjertespråket* foreslo i 2016 at foreldre skal få ein slik rett, men dette tiltaket er enno ikkje innført.

Det er Sametinget sitt ansvar å ta opp denne typen spørsmål med dei statlege styresmaktene.

- c) Den svenske skulelova må endrast slik at sterke tospråklege opplæringsmodellar blir lovlege for dei elevane som vel pitesamisk (og andre samiske språk). Dette tiltaket (6c) er ikkje eit tiltak som Sametinget på norsk side kan gjera noko med direkte, men det er viktig å sørge for at det språksamarbeidet over landregrensa kan bli lettast mogleg.

Sametinga på svensk og norsk side bør gå saman om dette,

13.2.10 Synleggjering av pitesamisk

Definisjonen av «samisk språk» i forskrifta til Stadnamnlova står i vegen for ei synleggjering av pitesamisk på offentlege vegskilt og kart. Forskrifta til Stadnamnlova må endrast slik at pitesamisk der blir definert som eit eige samisk språk med ei godkjend rettskriving til bruk i offentlege samanhengar.

Sametinget har teke dette opp med norske styresmakter allereie.

13.2.11 Etablering av stilling for pitesamisk språkarbeid

Det må oppretta ei stilling med spesielt ansvar for pitesamiske språkspørsmål, med vekt på praktisk revitalisering.

Det konkrete innhaldet i stillinga vil avgjera kvar finansieringa skal komma frå.

13.2.12 Samarbeid

Miljøet som arbeider med og for pitesamisk er lite. Det må difor arbeidast ut konkrete planar for framtidig samarbeid, først og fremst mellom pitesamisk miljø på norsk og svensk side, slik at innsatsen for språket i dei ulike lokalmiljøa kan samordnast for til dømes å unngå dobbeltarbeid.

Det må òg lagast konkrete planar for samarbeid mellom pitesamisk og umesamisk språkmiljø, og også mellom pitesamisk og lulesamisk språkmiljø.

13.2.13 Språkteknologi

Det arbeidet som er gjort ved Noregs arktiske universitet/ Universitetet i Tromsø for pitesamisk språkteknologi må halde fram og utviklast vidare.

Sametinga i Noreg og Sverige må delta i finansieringa.

13.2.14 Ansvar

Det offentlege ansvaret for pitesamisk språk må skrivast inn i ein stillingsinstruks i sametingsadministrasjonen, eventuelt at ansvaret for dei tre språka pite-, ume- og skoltesamisk blir plasserte på same stad i administrasjonen.

14 Kostnader

Dette kapittelet inneholder først og fremst *kostnadene* ved dei ymse framlegga. Framlegga er nummererte, og detaljar og grunngjevingar finst i kapittel 13 der tiltaka er nummererte på same måte. Det er rimeleg at Sametinget på svensk side og andre styresmakter i Sverige er med og betaler fleire av desse tiltaka.

Tiltak 1: Endring av Samelova

Ingen spesielle kostnader

Tiltak 2: Endring av lov om opplæring

Ingen spesielle kostnader

Tiltak 3 Endring av forskrift til folkeregisterlova

Ingen spesielle kostnader.

Tiltak 4 Pitesamisk i den europeiske språkpakta

Ingen spesielle kostnader

Tiltak 5: Rekruttering av nye vaksne talarar

Kostnader med språkkurs (stipendordning o.a.) kr. 1 500 000

Kostnader med ei mentorordning kr. 1 000 000

Tiltak 6. Utdanning av lærarar i pitesamisk

Tiltaket føreset at studentar som studerer pitesamisk som del av ei lærarutdanning kjem inn under dei stipendordningane som gjeld andre studentar av samiske språk. Kostnadene her vil avhenge av studenttalet.

Estimat kan ver at det trengst ca kr.200 000 i året

Tiltak 7: Utvikling av fjernundervisning i pitesamisk

Sjølve fjernundervisninga fører ikkje til kostnader for Sametinget. Det er skuleeigar som betaler her.

Tiltak 8: Utvikling av pitesamiske lærermiddel på alle nivå

Per år kr. 2 000 000

Tiltak: 9: Utvikling av tospråklege opplæringsmodellar med pitesamisk

Langsiktig tiltak. Ei slik utvikling kan skje gjennom kombinert praksis, utviklingsarbeid og forsking.

Kr. 1 000 000 i året over ein femårsperiode

Sametinga på svensk og norsk side bør gå saman om dette,

Tiltak 10: Synleggjering av pitesamisk

For at pitesamiske stadnamn skal komma på skilt og kart, må dei samlast inn, registrerast og normerast.

Stadnamnprosjekt: kr. 800 000

Tiltak 11: Etablering av stilling for pitesamisk språkarbeid med praktisk revitaliseringsarbeid

Kr. 800 000 i året

Tiltak 12: Samarbeid

Samarbeid mellom dei to landa, og mellom språka i same område. Reising, seminar og liknande.

Kr. 1 000 000

Tiltak 13: Språkteknologi

Vidareutvikling av pitesamiske løysingar. Dette området må svensk side òg vera med å betala

kr. 800 000

Tiltak 14: Ansvar

Administrativ stillingsressurs for dei tre språka umesamisk, pitesamisk og skoltesamisk i Sametinget

kr. 800 000 i året

15 Litteratur som det er vist til

Antonsen, Lene og Trosterud, Trond (2020): «Med et tastetrykk. Bruk av digitale ressurser for samiske språk» I *Sámi logut muitalit* 13.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet. (2009). *Handlingsplan for samiske språk*. Henta frå: http://www.regjeringen.no/upload/AID/publikasjoner/rapporter_og_planer/2009/Handlingsplan_2009_samisk_sprak.pdf

Arbeidsdepartementet. (2008). *Samepolitikken*. St. meld. nr. 28. 2007-2008. Henta frå: www.regjeringen.no/pages/.../STM200720080028000DDDPDFS.pdf

Árran lulesamisk senter. (2009). Plan for etablering av museumsvirksomhet i pitesamisk område. (Styrevetak, sak 4/2009). Henta frå: www.arran.no/getfile.php/888164.927.ppdtrcuubw/planpt.pdf

Baker, Colin (2017) *Foundations of Bilingual Education*. Multilingual matters.

Clague, Marie (2009): "Manx Language Revitalization and Immersion Education" I *e-Keltoi. Journal for interdisciplinary Celtic Studies*. Volum 2: Cultural Survival.

Evjen, Bjørg (2005): "Jeg trodde jeg bare var same, ikke lulesame". Om "lulesame" og "lulesamsik område" som nye politiske og identitetsskapende begrep, I: Red. Axelsson & Sköld, *Ett land, ett folk. Sápmi i historia och nutid*.

Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red) 2015: *Från kust til kyst – Áhpegátttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana akademisk.

Fishman, Joshua (1991): *Reversing Language Shift*. Multilingual Matters.

Hansen, L. I. (2008). «Den sjøsamiske befolkningen i Salten fogderi ca. 1600-1760» (s. 51-86). I: *Nordlands kulturelle mangfold*. Evjen, B. & Hansen L. I. (Red.), Oslo: Pax forlag.

Holberg, E. (2009). «Sør-Saltens samiske fortid: Eit uutforska område» (s. 63-72). I: *Kulturmujto/Kulturminner*. Bårjås 2009. Drag: Báhko.

Mikkelsen, Anne Kalstad (): *Natur og mennesker i pitesamisk område*. Tromsø. Universitetet i Tromsø.

Myrvoll, Marit (2015): «Å gjøre sin arv til sitt eget val. Samisk ungdoms identitetsforvaltning i pitesamisk område» I Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red) 2015: *Från kust til kyst – Áhpegátttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana akademisk. S. 169-197.

Rensund, Lars (1968). *Med Jon-Erik på renstigarna: minnen*. Luleå: Norrbottens museum
Rensund, Lars (1982). *Renen i mitten: minnen*. Luleå: Norrbottens museum.

Rensund, Lars (1986). *I samernas land förr i tiden*. Luleå: Norrbottens museum .

Ruong, Israel (1943) *Lappische Verbalableitung dargestellt auf Grundlage des Pitelappischen*.

Sametinget (2017): *Lägesrapport från Samiskt språkcentrum De samiska språken i Sverige 2017*.

Sametinget (2019): *Pitesamiska*. Upublisert referat frå seminar som Sametinget på svensk side heldt i Luleå i den 11/12 2019.

Sevaldsen, Å. (2012). «Beiarfjordens samiske fortid – en reise i tid og rom» I: *lellemvuoge - boatsojæladus, varresvuohta ja dutkametihkka./Livsmønster - reindrift, helse og forskningsetikk*. Bårjås 2012. Drag: Báhko.

Siversen, E. A. (2009). *Samisk ungdom - mellom tradisjon og modernitet?: Unge samers identitet*. Masteroppgave i kulturhistorie. Oslo: Universitetet i Oslo.

Sjaggo, Ann-Charlotte (2016[2015]). *Pitesamisk grammatik: en jämförande studie med lulesamiska*. Tromsø: Tromsø universitet, Senter for samiske studier, Solentro.

Smedby, Sune & Harald Grundstrom (red.). 1963. *Lapska Sånger. Texter och melodier från svenska Lappland II. Sånger från Arjeplog och Arvidsjaur*. Skrifter utgivna genom Landsmåls- och Folkminnesarkivet i Uppsala. Serie C: 2. Uppsala: A. B. Lundquistska Bokhandeln.

Steinfjell, Risten Birje (2015): «Stormofolket i Misvær – samisk språk og kultur gjennom generasjoner.» I Evjen, Bjørg og Myrvoll, Marit (red): *Från kust til kyst – Áhpegáttest áhpegáddáj. Møter, miljø og migrasjon i det pitesamiske området på norsk og svensk side*. Orkana Akademisk.

Todal, Jon (2008). «Når er eit språk forsvunne? Kritiske merknader til språkdødmetaforen.» I: (red.) Lars-Gunnar Larsson og Torbjörn Söder, *Váimmus čiegan sániid - I hjärtat gömmer jag orden*. Uppsala: Institutionen för moderna språk, Uppsala universitet.

Todal, Jon (2007): *Samisk språk i Svahken sijte*. Dieđut. Sámi allaskuvla. Guovdageaidnu.

UNESCO Ad Hoc Expert Group on Endangered Language (2003) *Language Vitality and Endangerment*. Document adopted by the International Expert Meeting on UNESCO Programme Safeguarding of Endangered Languages Paris, 10–12 March.

Valijärvi, Riitta-Liisa & Wilbur, Joshua (2011). «The past, present and future of the Pite Saami language: Sociological factors and revitalization efforts.” *Nordic Journal of Linguistics*, 34(3), 295-329.

Wilbur, Joshua. 2014. *A grammar of Pite Saami*. Berlin: Language Science Press.

Wilbur, Joshua (red.) (2016). *Pitesamisk ordbok: samt stavningsregler*. 1. ed. Freiburg: Department of Scandinavian Studies

.....
<http://giellatekno.uit.no/cgi/index.sje.eng.html>

<http://saami.uni-freiburg.de/psdp/info/pictures.php>

<http://saami.uni-freiburg.de/psdp/syntax/links.php?lang=EN>

<http://www.unesco.org/languages-atlas/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/samepolitikk/samiske-sprak/fakta-om-samiske-sprak/id633131/#pite>

<https://www.an.no/nyheter/strid-om-samisk-bodo-navn/s/1-33-775256>